

Nr.	Innspel - tekst	Høyringsinstans	Tilbakemelding
116-1	Ser at omsyn til overføringsnett er teke i vare for BKK sin region, og har ingen merknader til høyringsframlegget.	BKK NETT AS	Teke til vitande
118-1	Meiner planen kan vere prega av staten sitt ynskje om offensiv satsing på vindkraftutbygging.	Naustdal kommune	Statleg politikk er ein del av bakgrunnen for planen, jamfør kap. 1
118-2	Skilnad i vurdering av landskapstema mellom vasskraft- og vindkraftplanane.	Naustdal kommune	Fylkeskommunen har fått utarbeidd ei registrering og verdsetjing av landskapet i kystkommunane, i samband med regional plan for vindkraft, som ikkje var innarbeidd i framlegg til Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (men som er det no).
118-3	Ulik vinkling i dei to planane, mellom anna når det gjeld omtale av sumverknader for landskapstema.	Naustdal kommune	Vi finn det naturleg at det er skilnader i landskapsverknadane mellom vindkraftutbygging og utbygging av små vasskraftverk, mellom anna på bakgrunn av at storleiken på inngrepa er svært ulik for dei to anleggstypene.
118-4	Stiller seg positiv til hovudmål og retningslinjer, sidan dei større grad enn i dag konkretiserer kva mål og utvikling fylke ynskjer å ha i vindkraftsaker.	Naustdal kommune	Teke til vitande
118-5	Meiner retningslinjene bør konkretiserast og at det vert lagt vekt på å styrke kommunane si rolle og anerkjenne kommunane sin lokale kompetanse i vindkraftsaker	Naustdal kommune	Fylkeskommunen kan ikkje endre nasjonale rammer som lovverk, berre kome med innspel om dette til staten (jamfør kap. 4.2.).
119-1	Viser til at utbygging må dekke alle kostnader knytt til påkopling på, og eventuell utbygging av eksisterande vegnett og framføring av kablar/linjer og aktuelle tilkomstar må handsamast gjennom ordinære søknads- og planprosessar. Vindkraftanlegg må avklarast i høve til eventuelle framtidige vegprosjekt.	Statens vegvesen	Offentleg vegar inngår ikkje som tema i faktadelen (kap. 2). Hovudinnhaldet i det som det her vert peika på vert teke inn som del av bakgrunnen i kap. 1.2.1.
122-1	Meiner at Sogn og Fjordane bidreg med sin del og vel så det, m.o.t. produksjon av fornybar energi.	Rune Eikeland	Teke til vitande
122-2	Burde heller sett på alternativ til vindkraft, for eksempel oppgradering av eksisterande kraftverk, for å unngå den omfattande nedbygginga av naturen som planen legg opp til.	Rune Eikeland	Viser til planprogram, m.o.t. føremålet med planen.
122-3	Spor om fylkeskommunen vil akseptere ein sterk statleg styring av utbygging, mot kommunar sin vilje.	Rune Eikeland	Diskusjon kring statleg og fylkeskommunal politikk finnst i kap. 1. og 4.
122-4	Den store vektlegging av næringsinteressene i innleiinga til planen gjev inntrykk av næringsinteressene står sterkt ved eventuelle konsesjonsøknader	Rune Eikeland	Tatt til orientering
122-5	Lurer på om det som står om positive verknader for lokalsamfunn, er vege opp i mot dei negative sidene ved vindkraftutbygging.	Rune Eikeland	Negative sider ved vindkraftutbygging er omtalt i planen, kap. 2 og 3.
122-6	Tykkjer det er merkeleg at planen talar om 4-6 årsverk i form av teknisk personell for vindkraftanlegg på 150 MW (s. 8), og samtidig viser til at Mehuken (20 MW) vil få ein driftsorganisasjon på 2 årsverk.	Rune Eikeland	Vi brukar erfaringstal og tal som utbyggar oppgjev.
122-7	Spor om ein har sett opp ein pris på urørt natur, når ein konkluderer med at utbygging på land er billigare enn til sjøs.	Rune Eikeland	Det er ikkje sett kroneverdi på interesser som er identifisert i planen (kap. 2 og 3), og det har heller ikkje vore intensjonen (jamfør planprogram).
122-8	I planen står det (delkap. 1.2.1): <i>Innanfor avstandar på opptil 6 km må ein i alle høve rekne med at turbinane vert oppfatta som framtrødande landskapselement</i> . Påstår at vindturbinar kan vere framtrødande også opptil 20 km.	Rune Eikeland	Vi reknar ikkje med at det finnst eit eintydig svar på dette, men det som står i planen er basert på offentlege rapportar. Referanse, til relevant rapport, er teke inn i teksten.
122-9	Hevdar at planen ikkje tek omsyn til at vindturbinar påverkar område utanfor vindkraftanlegga.	Rune Eikeland	Dette stemmer ikkje, i planen tek vi høgde for at vindkraftanlegg i eit gjeve analyseområde kan påverke interesser i naboombåda. Det gjeld m.a. anna i høve til biologisk mangfald, der vi i vurdering av konfliktpotensial f.eks. tek omsyn til om analyseområda fungerer som aksjonsområde for kjende hekkelokalitetar for raudlista fugleartar.
122-10	Fortstår ikkje korleis analyseområde Mehuken kan kome ut med lite konfliktpotensial (samla konfliktpotensial på 10 poeng i tab. 3.1.3).	Rune Eikeland	Tabell 3.1.3 er retta opp; rett konfliktpotensialet for tema landskap er stort (på Mehuken) og det medfører at samla konfliktpotensial er auka til 14 poeng.
124-1	Saknar ei grundig analyse i forhold til miljø og anna næringsutøving i sjøområda	Fikseridirektoratet, Region vest	Staten har starta ein eigen prosess for utgreiing av område for vindkraftanlegg til havs. Finn det difor ikkje tenleg å gjere meir grundige analyser i vår plan.
124-2	Viser til opplysningar om fiskeriinteresser som Fiskeridirektoratet har samla inn og gjort tilgjengeleg på sine nettsider. Gjer merksam på at opplysningane som er samla ikkje er fullstendige og at dei ikkje er gode nok til å kunne vurdere konfliktpotensial.	Fikseridirektoratet, Region vest	Teke til vitande
124-3	Meiner at registrering brukarinteresser og konfliktvurdering av mulige framtidig etablering av vindmølleparker i sjø bør inngå i planen.	Fikseridirektoratet, Region vest	Sjå tilbakemelding under pkt. 124-1
125-1	Meiner at det er viktig å vere med på vindkraftsatsing (fordi det vil gje næringsutvikling og skatteinntekter) og det krev at ein legg til rette areal for utbygging.	Fjaler kommune	Tatt til orientering
125-2	Viktig at dei best eigna areala, m.o.t. vindressurs, rasjonell utbygging, tilgang til infrastruktur og konfliktnivå, vert prioriterte.	Fjaler kommune	Samsvarar med planarbeidet si målsetjing, jamfør kap. 1.
125-3	Finns planen jamt over godt balansert (i avveging av utbyggings- og verneinteresser).	Fjaler kommune	Teke til vitande
125-4	Trur det er viktig med ryddige prosessar og at folk føler dei blir tekne på alvor og får gode svar på dei spørsmåla dei reiser.	Fjaler kommune	Teke til vitande
125-5	Rår til at planen vert vedteken, fordi den gjev eit godt grunnlag for å utvikle vindkraft som ei ny stor næring i Sogn og Fjordane.	Fjaler kommune	Teke til vitande
126-1	Det å kome fram til akseptabelt konfliktnivå i høve andre interesser vil vere største verdien ved ein slik plan.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke til vitande
126-2	Saknar grunngeving for dei grensene ein har valt i skala for konfliktvurdering.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Skalaen som vert brukt til å vurdere samla konfliktpotensial, er uttrykk for ei regionale prioritering. Det er teke inn ny formulering om dette i planen.
126-3	For fagtema varierer det i kor stor grad det er muleg å spore dei vurderingane som ligg til grunn for klassifisering av konfliktpotensial. Dei ulike metodane for rangering av konfliktpotensial bør utdypast, slik at det går tydelegare fram korleis dette er vurdert for kvart tema.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke omsyn til.
126-4	Usikker på om landskapsverdiene er godt handtert, gjennom verdsetjing og vurdering av konfliktpotensial, viser m.a. til at dei avheng av skala	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Planen er omarbeidd slik at verdsetjing av både landskapsområde (liten skala/lokalt nivå) og landskapsamenhengar (stor skala/regionalt nivå) dannar grunnlag for vurdering av konfliktpotensial i analyseområda.
126-5	Det kjem ikkje fram kva som gjev middels konfliktpotensial for landbruk	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke omsyn til.
126-6	Finns det ikkje utan vidare akseptabelt at alle fagtema er tillagt same vekt i høve vurdering av samla konfliktpotensial. Foreslår å gje større vekt til tema som har eit konkretisert datagrunnlag, og ein klar og mest muleg objektiv metodikk for konfliktvurdering. Alternativt fjerne dei tema som i størst grad manglar det. Dette er likevel ikkje ei vesentleg innvending, fordi konfliktpotensialet stort sett er ut til å vere nokolunde representativt for dei fagtema det er teke utgangspunkt i.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
126-7	Fastsetjing av grenseverdiene mellom stort, middels og lite konfliktpotensial er eit stort problem. Viser til at faglege innspel er er sett til sides, gjennom politisk fastsetjing av grenseverdiar.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
126-8	Analysområdet Håfjellet i Ytre Sula skulle, etter nasjonale retningslinjer vore, klassifisert med stort konfliktpotensial for tema landskap, på grunn av at den devonske konglomeratkysten i Sogn og Fjordane er eit sjeldan landskap i nasjonal eller internasjonal samanheng.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vi held oss til konklusjonane frå Aurland naturverkstad si Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane.
126-9	Nasjonale retningslinjer tilseier at det er stort konfliktpotensial for biologisk mangfald i Håfjellet analyseområde.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke omsyn til.
126-10	Nasjonale retningslinjer tilseier at det er stort konfliktpotensial for INON i Håfjellet analyseområde.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke omsyn til.
126-11	Det er ikkje faglege forsvarleg at eit areal med dei kvalitetane som Håfjellet analyseområde har, vert klassifisert på ein måte som gjer at det kjem i fyrste rekke mellom område som kan opnast for vindkraftutbygging.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Teke omsyn til.
126-12	Konfliktpotensial for Håfjellet og Steinheia analyseområde er dome på at faggruppa si vurdering av av konfliktpotensial er temmeleg forsiktig, noko som gjer at små endringar i grenseverdiar vil kunne eksponere store natur- og miljøverdiar for utbygging.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kriterier for vurdering av konfliktpotensial knytt til landskap, biologisk mangfald og INON er justert for betre samsvar med nasjonale retningslinjer.
126-13	Behov for spelrom for vindkraftindustrien held ikkje som grunngeving for dei endringane FU har gjort i grenseverdiar for vurdering av konfliktpotensial. Dei områda som faggruppa i utgangspunktet hadde opna for utbygging i, var meir enn store nok til å nå planen sitt produksjonsmål.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
126-14	Den unødvendig ekspansive og faglege ugrunna arealdelen av høyringsframlegget legg opp til unødige konflikter mellom vindkraftutbygging og andre miljørelaterte interesser.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
126-15	Fordi høyringsframlegget avviker vesentleg frå det faglege baserte utkastet til plan, er det etter vårt syn ikkje forsvarleg å opne for utbygging i område med middels konfliktpotensial, og pkt to i retningslinjer bør difor endrast til "utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite konfliktpotensial".	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
126-16	Ber om at pkt. 3 i retningslinjer vert fjerna, ettersom det berre er 11 analyseområde som har kome i klassen for stort konfliktpotensial.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
126-17	Kan ikkje sjå at planen ivaretek nasjonal vedteken politikk	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Nokre justeringar i vurdering av konfliktpotensial er gjort, på bakgrunn av innspel frå fylkesmannen (jamfør pkt 126-9, 126-10 og 126-12). Det gjeld spesielt for tema biologisk mangfald, INON og landskap.
126-18	Planen har så store faglege manglar at det har lite verdi for høyringsinstansane å gå nærare i detalj i planane.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
126-19	Tykkjer det er uheldig at det i høyringsframlegget er gjort så omfattande politiske val at det faglege grunnlaget i praksis er sett til side	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Det faglege grunnlaget er ikkje sett til sides, sjølv om det her er gjort politiske val.
126-20	Rår til at det vert arbeidd vidare med det utkastet som faggruppa har gått inn for.	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2.
126-21	Bør ikkje opne areal, for utbygging, som er vesentleg større enn det som trengst for å nå målet om 1000 MW	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
127-1	Motstandard av all utbygging av vindkraft på kysten av Sogn og Fjordane	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-2	Nøreg har ikkje bruk for vindkrafta og vi har ingen garantiar for at den erstattar ikkje-fornybare energiformer i andre land.	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-3	Vindkraftverk er store og svært skjemmaende inngrep og skapar uro og støy	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-4	Vindkrafta krev stor statleg subsidiering	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-5	Sogn og Fjordane har ein fantastisk og sårbar kyst (einestående i verdssamheng), som vi har ansvar for å ta vare på.	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-6	Det stemmer ikkje at det er lite motstand mot vindkraftutbygginga.	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-7	Kommunane får svært lite att for dei store inngrepa (marginale inntekter og nesten ingen arbeidsplassar)	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
127-8	Alle kommunane på kysten har viktige kulturminne, mange av dei einestående i nasjonal samanheng.	Fortidsminneforeninga, Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
128-1	Kunnskap om korleis vindkraftanlegga langs kysten vil påverke trekkruer og ulike bestandar er langt frå god nok.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-2	Effekten av ei utbygging i tråd med mål (i retningslinjene) vil vere stor for bestanden av enkelte fugleartar (regionalt og nasjonalt)	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-3	Saknar ei vurdering av dei samla miljøfaglege verdiene opp mot nasjonale miljømål og internasjonale forpliktingar.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering

128-4	Prisverdig at kartlegging av fugletrekk vert etterlyst.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-5	Landskapet i Solund er unikt i nasjonal smanheng.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-6	Det at Solund har tettast forekomst av kollisjonsutsette raudlisteartar i fylket er ikkje tillagt tilstrekkeleg vekt.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Sjå tilbakemelding under pkt.126-17
128-7	Utbygging av vindkraftverk i Solund vil svært sannsynleg bli tunga på vektskala for fleire artar i kommunen.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-8	Vurdering av konfliktpotensial er ikkje godt nok aleine. Det er essensielt å vurdere nytteverdi opp i mot tap av andre verdiar (ei fullsendig kostnad/nyttevurdering), sidan det vert lagt opp til irreversible inngrep.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-9	(Vindkraft-) Planane i Ytre Solund harmonerer dårleg med retningslinene sitt pkt. 5 (om å minimalisere behov for ny infrastruktur).	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
128-10	Vil på det sterkaste rå i frå vindkraftutbygging i Solund, med bakgrunn i irreversible kosekvensar for landskap og arts mangfald.	Norsk ornitologisk foreining, Solund loka	Tatt til orientering
130-1	Når dei fleste lokalitetane er ufullstendig kartlagde sviktar grunnlaget for planen, og den får nærast form av politisk synsing. Planen er altfor dårleg til å vere eit retningsgjevande middel for vindkraftsatsing.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-2	Planen er misvisande når konfliktpotensiale vert sett til lågt, når område er mangelfullt undersøkt eller ikkje undersøkte i det heile.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-3	Kritikkverdig at FU i stor grad tok omsyn til vindkraftforum sitt innspel (dagsett 25.04.2010) og framstilte konfliktpotensialet lågare enn kva faglege råd tilsa.	Gustav Skaar	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
130-4	Det smakar særst dårleg at fleire av politikarane som har handsama planen har dobbeltroller i Vindkraftforum og i energiselskapa.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-5	Viser til at hausten 2010 kjem det ny raudliste for fugl, at fleire artar som planen ikkje har teke omsyn til vil kome på den.	Gustav Skaar	Vi har ikkje funne grunnlag for å endre vurdering av kollisjonsutsett fugl, som følgje av nye artar på raudlista. Potensielt kan nye artar på raudliste endre verddivurdering av viktige naturtypar, men dette har ikkje vi sjekka (jamfør tilbakemelding under pkt. 130-8).
130-6	Meiner konfliktpotensialet for Moldura, Hekkelvassellet, Indrevågsvassellet, Portafjellet, Gjelsvikvassellet og Eitrenipa er klassifisert for lågt, mellom anna med bakgrunn i det er relativt mange hekkeplassar for kollisjonsutsette raudlista artar i desse områda.	Gustav Skaar	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-17
130-7	Viser til rapport frå Miljøfagleg utredning A/S, som seier om Askvoll at "Nye kartleggingar bur derfor prioriteres høyt. Inntil slike er foretatt, bør kommunen være varsom med å tillate potensielt skadelige naturinngrep utan fortløpende kartleggingar".	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-8	Har ein rekke innspel vedkomande analyseområde i Askvoll og kva verdiar som er knytt til desse (for tema landbruk, friluftsliv, biologisk mangfald, Inon og kulturminne).	Gustav Skaar	Vi har ikkje mulegheit, innanfor rammene av dette planarbeidet (jamfør planprogram), til å kvalitetssikre denne typen informasjon, og vel difor og halde oss til dei eksisterande registreringane. Vi føreset elles at denne typen informasjon vert sjekka ut i samband med konsekvensutgreingar av enkeltprosjekt.
130-9	Har ein rekke innspel vedkomande vurdering konfliktpotensial for analyseområde i Askvoll. Hevdar generelt at det er for lågt, i planen, med bakgrunn verdiar som finnast der.	Gustav Skaar	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-17
130-10	Det er særst viktig at restane av INON i Askvoll blir tekne vare på. Spesielt når område er kombinert med andre viktige miljøkvalitetar, som t.d. biologisk mangfald og friluftsliv.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-11	Utbygging av vindkraft krev utbygging av infrastruktur i alpinprega fjellandskap, noko som vil skape irreversible inngrep og djupe sår i naturen.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-12	Viser til at alle analyseområde i Askvoll ligg innanfor sona på 35 km til flyplassane i Førde (Gaular) og Florø.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-13	Etablering vindkraftverk kan gje urcining, m.a. kan drikkevasskjelder verte skadde.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-14	Framtidig satsing på turisme bør oppmuntrast og vektleggast i staden for å handlege areal og øyde natur ved vindkraft. Askvoll har særst mange kvalitetar å spele vidare på i turistsamheng. Kvalitetar som blir skadelidande av nye industriområde for vindturbinar.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
130-15	Miljøpolitikken skal bygge på "fore-var prinsippet". Friluftsliv er kjelde til livskvalitet, rekreasjon og betre folkehelse. Det er særst viktig å sikre allemannsretten til fjella og friluftsområda.	Gustav Skaar	Tatt til orientering
131-1	Det er ei ganske alvorleg feilkjelde når tabellar med konfliktpotensial vert laga utan eit grunnleggjande feltarbeid, sidan desse vurderingane kan forme meiningar om kva område som er aktuelle for utbygging.	Jarle Nordgulen	Sjå tilbakemelding under pkt 130-8
131-2	Finnt det underleg at det i Gulen ikkje skal finnast eit einaste fjellområde som ikkje ein gong har eit middels interessant eller konfliktfylt terreng.	Jarle Nordgulen	Tatt til orientering
131-3	Sognefjorden er ein heilskap frå kyst til innland og eit ikon i reiselivssamheng, og difor må det ikkje etablerast vindkraftanlegg som er synleg frå skipsleia.	Jarle Nordgulen	Tatt til orientering
131-4	Gulen dykkesenter, på Dalsøya, manglar på kart over reiseliv i Gulen.	Jarle Nordgulen	Oppdatert kart
131-5	Provoserande at lågt folketal og tal turvandrarar (kjetvekta) utan vidare skal gje lite konfliktpotensial for friluftsliv, i Gulen.	Jarle Nordgulen	Tatt til orientering
131-6	Ber FU lage eit livslopsrekneskap for energibruk og CO2 for ein vindturbin.	Jarle Nordgulen	Det er ikkje aktuelt med slik utgreiing, jamfør planprogrammet
131-7	Utbygging på land i Sogn og Fjordane må avgrensast til Mehuken og Lutelandet, all anna satsing på vindkraft må kome offshore. Det vil det innovative miljøet i Måløy nytte godt av, og ein kan få ei positiv næringsutvikling i verftsindustrien i både Florø og Måløy.	Jarle Nordgulen	Tatt til orientering
131-8	Er i mot utbygging av landbasert vindkraft på bakgrunn av dei store naturinngrepa og at det finnast alternativ til vindkraft (småkraftverk, ENØK, fornying av vasskraftverk, varmeproduksjon v.h.a. varmepumpe og bioenergi).	Jarle Nordgulen	Tatt til orientering
132-1	Utbygging bør skje i dei områda som aller lågaste konfliktnivå fyrst. Når desse er kome i drift og det viser seg at det er behov for fleire lokalitetar kan ein ta ei ny runde, etter at ein har fått erfaring med dei anlegga som er i drift.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
132-2	Planen bør ikkje justerast for å passe inn skjær (frå utbyggarar) når dette kjem i konflikt med nasjonale og/eller (forslaget til) fylkeskommunale retningslinjer.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
132-3	Ein treng (/bør) ikkje bygge ut i område med middels og stort konfliktpotensial, då det er meir enn nok område med lite konfliktpotensial som kan brukast for å nå målet om 1000 MW.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
132-4	Vedkomande pkt. 3 i forslag til retningslinjer: Lokale styresmakter bør ikkje ha mulegheit til å gje tillatelse utbygging, når dette kjem i konflikt med andre retningslinjer.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
132-5	Samd i retningsline 4 og 5.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
132-6	Konsesjon som er gjeve bør ikkje stå uverksam lengre enn 3 år og så får utbyggar 3 år på å bygge ferdig.	Øyvind Bratland og Ingunn Sanden	Tatt til orientering
133-1	Feil om storleik på instalasjon og produksjon for Mehuken II, i kap. 1.3.2, fyrste avsnitt.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Retta opp
133-2	Bør nemnast i kap. 2.1 at påverknaden, på landskapet av eit vindkraftanlegg, i svært stor grad er reversibel.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Føreset at det ved KU på prosjektnivå vert vurdert i kor stor grad inngrepa som vert gjort er reversible.
133-3	Det er viktig at det settes krav til utforming av vindkraftanlegg, slik at ein unngår store skjeringar og fyllingar som i stor grad er irreversible inngrep. Dette kan sikre at landskapskvaliteten kan gjeninnast når konsesjonstida er over og anlegget sanert.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Tatt til orientering
133-4	Formuleringa "med anlegg på rekke og rad langs kysten vil begge desse artane....", i kap. 2.2.4, andre avsnitt, kan med fordel skrivast om då det ikkje er snakk om ei slik utbygging i Noreg.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Teke omsyn til.
133-5	Det bør presiserast at Havom ikkje er raudlista og ikkje på nokon måte ein truga fugleart i Noreg, men at Noreg har eit spesielt ansvar for denne arten.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Samsvarar med det som allereie står i planen.
133-6	Meiner at avgrensinga av kulturmiljø med nasjonal verdi, som følgje av unøyaktig GIS-arbeid, er misvisande ved Botnane. Dette fører til at konfliktpotensialet i Skudalsnipa og Tverrdalsnipa vert sett for høgt.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Vi held oss til avgrensingane som er gjorde gjennom RA sin rapport. Vi føreset at ein eventuelt KU av enkeltprosjekt vil avdekke om avgrensinga ikkje høver til det aktuelle kulturmiljøet.
133-7	Meiner avsnitt (under kap. 2.4.2) om praksis for registrering av automatisk freda kulturminne bør skrivast om då det ikkje er økonomiske men praktiske omsyn, som gjer at registrering skjer på detalplannivå	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Dei praktiske omsyna er vel også dei som sikrar at registreringarbeidet ikkje vert unødvendig omfattande og dyrt.
133-8	I siste avsnitt, kap. 2.4.2, bør ordet "øydelagde" erstattast med "visuelt påverka".	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Formuleringa er meint å fange både visuelt påverknad og anna form for øydelegging.
133-9	Sumverknader er relevant for all friluftaktivitet, og difor bør EIN ikkje knyte vurdering av dette kun til spesialiserte aktivitetar slik det er gjort i kap. 2.5.3.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Teke omsyn til.
133-10	Det bør kome fram at erfaring med etablerte vindkraftanlegg viser at dei aukar tilgjenge for nye grupper til områda, noko som gjer at områda vert meir nytta til friluftsliv.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Føreset at det ved KU på prosjektnivå vert vurdert om eit område vert meir eller mindre attraktivt som friluftsområde.
133-11	Det er hausta erfaring med reiseliv og vindkraft frå vindparkane på Smøla, Hitra og Kjøllefjord som viser at det lokale reiselivet har hatt til dels svært stor positiv effekt av vindparkene.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Tatt til orientering
133-12	Finnt det underleg at det ikkje er referert til Vestlandsforsking si studie "vindkraft, reiseliv og miljø - en konfliktanalyse.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Teke omsyn til.
133-13	Meiner at konfliktpotensialet for friluftsliv for Skudalsnipa og Tverrdalsnipa bør reduserast, fordi dei er svært lite nytta som friluftsområde.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8.
133-14	Det er nyttig at det vert sett mål for etablering av vindkraft i Sogn og Fjordane fram mot 2025. Målsetjinga bør ikkje vere lågare enn 1000 MW, utifrå m.a. tilgang til vindressursar og nett.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Tatt til orientering
133-15	Ideelt sett burde ein skille mellom reversible og irreversible konsekvensar. Dei aller fleste konsekvensane av eit vindkraftanlegg er reversible.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Vi vurderer ikkje konsekvensar av vindkraftanlegg, men ser på arealinteresser som kan verte påverka enten det er reversibelt eller irreversibelt. Konsekvensvurderingar vil som før måtte gjerast på prosjektnivå, sjå tilbakemelding under pkt. 133-2.
133-16	Verdiar som kan bli irreversible påverka, for eksempel raudlista fugleartar, bør tillegkast større vekt enn verdiar som berre vert påverka på ein reversibel måte.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Sjå tilbakemelding under pkt. 133-2.
133-17	Det bør presiserast at FK ved høyringsutaler til vindkraftprosjekt vurderer datagrunnlaget som ligg til grunn for konfliktpotensialet, som er kome fram i planen, oppimot datagrunnlaget og konklusjonane i konsesjonssøknad.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Samsvarar med det som er sagt om metode i delkapittel 1.2.
133-18	Høyringsutkastet er eit godt grunnlag for utvikling av vindkraft i fylket. Planen vil, med våre forsla til justeringar, kunne fungere som ein god rettleiar for vindkraftfaktorar som ønskjer å etablere vindkraftverk i fylket.	Zephyr AS, Kvalheim kraft DA og Guleslett	Tatt til orientering
134-1	Det vil vere uråd for bondelaget og gå konkret inn i dei ulike geografiske områda med sikte på å kome med konkrete endringar og justeringar av grenser for konfliktpotensiale. Ordinær konsesjonsrunde, med KU, må til for avklare konfliktspørsmåla.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
134-2	Spor om politikarane i sterk nok grad har teke omsyn til dei faglege grunnlaget ved å justere skalaen slik som er gjort for planen vart sendt på høyring.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
134-3	Ser det som avgjerande, for å realisere vindkraftanlegg, at dei gjev grunnlag for årlig inntekter til grunneigarar.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
134-4	Når det gjeld reine landbruksinteresser, kan utbygging av vindkraft vere både positivt og negativt, og det er vel også årsaka til at vi registrerer stor debatt og usemje mellom bondelagsmedlemmer i desse spørsmåla.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering

134-5	Føreset at landbruksinteresser vert grundig handsama i samband med konsesjonsøknader. Aktuelle problemstillingar vil då m.a. vere utfordringar knytt til beite- og gjerdehald, skogsdrift, vilt/jaktinteresser, konsekvensar av auka ferdsel i utarks- og turområde og eventuelle avgrensingar i arealbruk (f.eks. nydyrking). Dette må gjerast i full breidde både med utgangspunkt i tradisjonell landbruksdrift og for landbruket sine tilleggsnæringar (t.d. reiseliv).	Sogn og Fjordane bondelag	Har lagt inn ny tekst i delkap. 2.7.2, om landbruksinteresser og KU.
134-6	Stiller spørsmål ved om utbyggingsmålet er realistisk.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
134-7	Skal ein lukkast med utbyggingsmålet må ein spele på lag med lokale interesser og det må vere eit krav at utbyggjar synleggjer dei positive verknadane av vindkraftutbygginga.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
134-8	Sakanar omtale av småskala vindkraft, og gjer framlegg nytt pkt i retningslinene: Der det ligg til rette for det skal det oppnast opp for vindkraftutbygging i mindre skala knytt til næringsseigedomar med potensiale for slik energiproduksjon.	Sogn og Fjordane bondelag	Tatt til orientering
135-1	Konfliktpotensialet vert misvisande med bakgrunn i at relevante tema er utelate og at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt. Det kan med dette grunnlaget vere uheldig å gje retningslinjer.	Bremanger kommune	Tatt til orientering
135-2	Det er viktig at det slik planen seier vert løynd midlar til systematisk registrering av verdier i heile analyseområdet for planen.	Bremanger kommune	Tatt til orientering
135-3	Ein del av dei registrerte verdiane ligg i låglandet/strandsona, og ved rett lokalisering anlegg treng ikkje vindkraftutbygging kome i konflikt med desse.	Bremanger kommune	Det vil verte avklara gjennom KU til enkeltprosjekt.
135-4	Det bør innarbeidast forsegnar om mål for lokal verdiskaping og ivaretaking av miljøverdier for lokal busetnad.	Bremanger kommune	Tatt til orientering
135-5	Det bør vurderast korleis manglar i kunnskapsgrunnlaget for planen klårare kan framgå av illustrasjonar i plandokumentet. Det bør t.d. vurderast om det i tabellar kan stå "ukjent" konfliktpotensial for område utan registrerte verdier (i stadenfor "lite").	Bremanger kommune	Vi har ikkje funne det naudsynt å gjere meir greie for kunnskapsgrunnlaget enn det som er gjort i hovudteksten.
136-1	Merkar seg at retningslinene tilseier at ein rår i frå vindkraft på Stad, noko som er i samsvar med vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune, som seier at "Strekningane frå Smøla/Grip sorover til Sandøy, samt frå Stad nordover til Breisundet bør vere utan inngrep i form av vindmøller.	Møre og Romsdal fylkeskommune	Tatt til orientering
137-1	At kunnskapsgrunnlaget for tema biologisk mangfald er "mangelfullt" er eit for svakt uttrykk. Kunnskapen om plante- og dyrelivet i storparten av planområdet er så mangelfull at dersom konfliktpotensialet for den levande naturen er lite og middels der kartet viser det, er dette meir tilfeldig enn basert på faktiske opplysningar.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-2	I område der ein manglar opplysningar om artar og naturtypar, vil det vere (viktige) verdier. Manglande registrering fører til at konfliktene og skadene ved nye inngrep vert undervurdert.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Er kjend med at manglande registreringar er problematisk, og har difor gjeve innspel til om at staten bør syte for systematisk kartlegging (delkap. 4.2.).
137-3	Ei sakleg meining om verknadane av vindkraftutbygging må byggje på kjennskap til kva artar som finnast, kvar dei trekkje, storleik på deira leveområde.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-4	Kysten har truleg den mest varierte naturen i landet. Viser til at klimaet, særleg i låglandet, gjev grunnlag for høg produktivitet.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-5	På bakgrunn av manglande registreringar av artar og naturtypar er det sannsynleg fleire av områda med lite konfliktpotensial, i realiteten er område med middels eller store konflikter. Planen kunne dempa på denne skavanken ved å leggje inn fore-var-omsyn. Planen slik den ligg føre vil kunne seie noko om kva område vi ikkje bør ha vindkraftanlegg, men gjev ikkje grunnlag for å konkludere m.o.t. kva område det vil vere små konflikter.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-6	Dersom ein ikkje tek omsyn til andre artar enn dei som er truga, kan ein i neste omgang oppleve at nye artar kjem med på raudlista.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-7	Sumeffektar av fleire anlegg vert ikkje fanga opp i vurderinga av konfliktpotensial. Når det blir mange anlegg gjer dei negative sumeffektane seg sterkt gjeldande, sjølv om det skulle vere tilfelle at dei negative sidene ved anlegga kvar for seg er moderate. Utan å legge dette aspektet inn i plane, til dømes gjennom ei grense for det samla omfanget av vindkraft, kan planen lett gje eit misvisande inntrykk av konfliktnivået.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-8	Retningslinene legg opp til at område både med lite og middels konfliktpotensial skal vere disponible for vindkraftanlegg. Dette er ikkje eit opplegg som går ut på å styre utbygginga dit konfliktane er små, sidane det teoretiske potensialet (20 TWh) i slike område langt overstig planen sitt mål (3 TWh).	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-9	Det er ingen smanheng mellom mål og middel. FU har formulert ambisjonar om å gjere skadene små, men vil ikkje styre søkjarane dit faktadelen seier at skadene er små.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-10	Planen gjev ikkje sakleg grunnlag for å vite at 3 TWh kan realiserast utan store skader på natur og landskap. Fylkestinget bør stryke produksjonsmålet og la planen vere ei avgrensing av eventuell utbygging til areal med små konflikter. Konsesjonsprosessen får gje meir kunnskap om dei einskilde prosjekta.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-11	Mistenkjer medlemmar i FU for å ha vore ugilde/innhabile ved handsaminga av planen. Viser til at seks har styreverv i kraftselskap.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-12	Planframlegget er vel eigna til å etterkomme alle ønske frå vindkraftindustrien, men ueigna som ein balansert plan. Det styrer ikkje det som måtte kome av vindturbinar til avgrensa område for å etterkomme målet om å gjere konfliktane så små som det er mogeleg.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
137-13	Eventuell utbygging må vere avgrensa til område med små konflikter.	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
138-1	Viser til at havørna er i sterk auke langs heile kysten og den ikkje er raudlista.	Forhandlingsutv. Guleslettene vindmøllep	Samsvarar med det som står i planen.
138-2	Kan ikkje sjå nokon grunn til at store område innanfor Botnane (i Bremanger) er klassifisert som område med nasjonal verdi for kulturmiljø. Meiner at mykje av det klassifiserte område i aust ikkje kjem i berøring med kulturmiljømiljø.	Forhandlingsutv. Guleslettene vindmøllep	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
138-3	Må få med at vegar som vert bygde i eit vindkraftområde opnar området for nye brukargrupper, gjennom lettare tilkomst.	Forhandlingsutv. Guleslettene vindmøllep	Sjå tilbakemelding under pkt. 133-10
138-4	Meiner at konfliktpotensialet er sett for høgt for friluftsliv i analyseområda Skudalsnipa og Tverrdalsnipa, sidan det aller meste av friluftaktivitet har utgangspunkt frå Fv. 614 som ligg heilt i aust av vindmølleparkområdet for Guleslettene.	Forhandlingsutv. Guleslettene vindmøllep	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
139-1	Har ein del bekymringar som ein ber om at vert lagt merke til: vindmølleprosjekta i Sogn og Fjordane ligg i verdens vakraste natur, anlegga brakar og krev utbygging av infrastruktur, vindkraftforum si rolle i forkant av utlegging til offentleg ettersyn, meir fornuftig å leggje vindkraftanlegg til område der det frå før er industri, kvifor ser ein ikkje på alternativ som energisparing gjennom opprusting av ledningsnettet og er verkeleg vindkraft lønsamt på sikt?	Carl- Erik Arnesen og Kristin Sandberg	Tatt til orientering
139-2	Ber om at det blir den fyrste planen (slik den var lagt fram av prosjektgruppe/rådmannen) som vert lagt til grunn i vidare handsaming.	Carl- Erik Arnesen og Kristin Sandberg	Tatt til orientering
139-3	Planer om utbygging i område som i fyrste plan var merka med middels eller høgt konfliktnivå oppfordrar vi til at vert skrinlagde.	Carl- Erik Arnesen og Kristin Sandberg	Tatt til orientering
140-1	Vil påpeike at det er viktig at einskildprosjekt også vert vurdert utifrå den omfattande konsekvensutgreiinga som vert gjort i samband med konsesjonsprosessen. Det er på prosjektnivå ein best kan vurdere reelt konfliktnivå (medan planen berre kan gjere greie for eit konfliktpotensial på bakgrun av eksisterande registreringar). Viktig at presisering på s. 6, om dette, vert ståande.	Sula Kraft AS	Tatt til orientering
140-2	Saknar grunnleggjande for vurdering av konfliktpotensial knytt til landbruk og friluftsliv for analyseområdet Håfjellet, i Solund. Meiner konfliktpotensialet er lågare enn det som står i planen.	Sula Kraft AS	Ny tekst og tabellar som forklarar vurdering av konfliktpotensial for friluftsliv, landskap og kulturmiljø og -miljø er teke inn i kap. 2 og 3.
140-3	Saknar ei omtale av positive konsekvensar av vindkraftutbygging for friluftslivsinteresser, slik som betre tilkomst til friluftsområde og dermed potensial for auka bruk.	Sula Kraft AS	Sjå tilbakemelding under pkt. 133-10
140-4	Er usamd med planutkastet si vurdering av konfliktpotensial for Sperrefjellet og Håfjellet (i Solund). Meiner at det ikkje er openbert at Sperrefjellet fyller INON "frå fjord til fjell"-kriteriet. Viser også til at Sula kraft sitt prosjekt berre vil røre ved ein liten del av "fjord til fjell"-området i Håfjellet.	Sula Kraft AS	Tatt til orientering
140-5	På bakgrunn av at det ikkje er registrert kulturmiljø med regional eller nasjonal verdi i Solund, bør konfliktpotensialet setjast til "lite". Moglegheita for å finne kulturmiljø bør i seg sjølv ikkje føre til at eit område automatisk får stort konfliktpotensial, all den tid moglege negative konsekvensar ofte kan motast med avbotande tiltak.	Sula Kraft AS	Tatt til orientering
141-1	Ved endeleg avgjer (om vindkraftutbygging) må ei god fagleg vurdering leggjast stor vekt på. Er difor usamd i dei politiske føringane som endrar konfliktpotensial, og meiner planen må byggjast på faglege vurderingar.	Solund senterparti	Tatt til orientering
141-2	Identitetskjennele må vurderast i samband med konsekvensutgreingar av vindkraftanlegg.	Solund senterparti	Tatt til orientering
141-3	Kunnskapsgrunnlaget er på fleire område noko mangelfullt, og konsekvensutgreingar er avgjerande for å danne seg eit endeleg bilde av verdien til eit utbyggingsområde.	Solund senterparti	Tatt til orientering
142-1	Konfliktpotensialet slik det vert framstilt for Selje er misvisande, og det kan vere uheldig for vår kommune at det vert utarbeidd retningslinjer på dette grunnlaget. Viser til at det ikkje er samsvar mellom det svært låge konfliktnivået lokalt, for Okla vindpark, og det som er framstilt i planen.	Selje kommune	Tatt til orientering
142-2	Selje kommune ønskjer å medverke til ei framtidig utbygging av vindkraft på land og sjø.	Selje kommune	Tatt til orientering
142-3	Selje kommune har område av nasjonal verdi (kulturlandskap?): Sorvestsida av Stadlandet, Hoddevik-Liset. Dette området bør også omfatte Ervik.	Selje kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8.
142-3	Meiner det, for å nå målet, om å vere pilotfylke og medverke til fornybar energiproduksjon og næringsutvikling, er viktig at innspela (til Selje kommune) dannar grunnlag for handsaming av det vidare planarbeidet.	Selje kommune	Tatt til orientering
143-1	I motsetning til det som står i planframlegget (på s. 32) finnast det, i OED sine retningslinjer, konkrete nasjonale mål som gjev føringar i høve til reiseliv og vindkraftutbygging: "Det er (.....) viktig å ta hensyn til eventuelle negative virkningar for reiselivsinteressene ved planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg. Svært stort konfliktpotensial: • i områder som er vesentlige for ivaretakingen av det norske reiselivsproduktet, og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjoner hvor landskapet eller naturen er en vesentlig del av attraksjonen".	NHO Reiseliv, Vest-Norge	Teke omsyn til.
143-2	I Sogn og Fjordane er det utvilsamt mange reiselivsområde som er vesentlige for ivaretaking av det norske reiselivsproduktet.	NHO Reiseliv, Vest-Norge	Vi er ikkje kjende kjelder som dokumenterer kva område det er snakk om, og kan difor ikkje vise til konkrete område i planen.
143-3	Oppmodar på det sterkaste om at slikt omsyn til reiselivsnæringa som (nasjonale) myndigheter krever vert tatt ved handsaming av framtidige søknader.	NHO Reiseliv, Vest-Norge	Samsvarar med bakgrunnskapittel i planen
144-1	Stiller spørsmål ved kvifor ikkje Solund har nasjonal verdi i landskapsamheng. Viser til verneområde for sjøfugl og innløpet til Sognefjorden, med verdsarstatus.	Anne-Marie Gåsvær Færøy	Teke inn kartvedlegg som viser landskapsverdier i Solund
144-2	Burde vore henta inn meir grunnlagstal for reiseliv, m.a. frå kommunane.	Anne-Marie Gåsvær Færøy	Tatt til orientering
144-3	Hotell på Hardbakke og overnattingsbedrift i Hjønnveg manglar på reiselivskart i vedlegg 8.	Anne-Marie Gåsvær Færøy	Symbol for overnatting (hotell) på Hardbakke er med på kart. Har lagt det til på Hjønnveg også.
144-4	Pkt. 2 i retningslinene bør endrast til: Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite konfliktpotensial, pkt. 3 bør utgå.	Anne-Marie Gåsvær Færøy	Tatt til orientering
144-4	Det gjev ein lite troverdig plan for vindkraft, når den i så stor grad har vorte tilpassa foreliggende planar i vindkraft-industrien.	Anne-Marie Gåsvær Færøy	Tatt til orientering

145-1	Sterkt beklageleg at planen i liten grad utgreier omsynet til busetnad nær påtenkte vindkraftområde, då det finnst ein god del internasjonal erfaring og dokumentasjon som tilseie at naboar til vindkraftanlegg opplever sterke fysiske plagar av lyd og lysflimmer.	O. Myklebust, J.-E. Haugsbø, R. Skår, I. Skår	Avgrensing av analyseområde i planen, tek til ein viss grad omsyn til busetnad (sjå kap. 1.2). Planen skal ikkje erstatta konsekvensutgreiing (KU) av einskildprosjekt og vurderingane som her vert etterlyst føreset vi vert følgt opp gjennom KU.
145-2	Vindkraftutbygging fører til akustisk forstyrring av næringsområde, og dette er negative konsekvensar som diverre har fått lite fokus og er underslått i debatten om vindkraft langs kysten av Sogn og Fjordane.	O. Myklebust, J.-E. Haugsbø, R. Skår, I. Skår	Tatt til orientering
145-3	Stiller spørsmål ved hastverket polititarane har hatt i denne kompliserte og store saka. Lutelandet er eit godt døme på politisk hastverk og overkoyring av fagmiljø.	O. Myklebust, J.-E. Haugsbø, R. Skår, I. Skår	Tatt til orientering
145-4	Oppfordrar til å ta omsyn til busetnad når ein vurderer kva areal som skal frigjevast til vindkraftindustri. Det er viktig å vere klar over at 2-3 km rundt ein vindmøllepark vil det vere ueigna for bustader.	O. Myklebust, J.-E. Haugsbø, R. Skår, I. Skår	Tatt til orientering
146-1	Viser til at analyse område Riseheiane går heilt ut i fjæresteinane, og spør om fylket ikkje har respekt vernesona langs med strandlinja når det gjeld vindkraft.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-2	Ber ein om at Riseheia blir oppgradert til minst middels konflikt, men helst stor konflikt, utifrå at det vil vere upassande både i eit reiselivs- og eit friluftsperspektiv med vindmøller i Riseheia.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
146-3	På grunn av tusenårsstaden Gulatinget må Dalsfjellet ha stort konfliktpotensial i forhold til reiseliv (kulturminne), jamfør kommunen si vurdering av vindkraft på Setenesfjellet.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
146-4	Meiner at området mellom Eivindvik og Flolid må sjåast som eit samnhengende historisk område (kulturmiljø). Det meste av Gulafjordane elles, må også takast med; frå Stemebo, via Nyhammer, Dingja, Nordgulen, Haveland, Oppdal og til Eidsbotn.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-5	Tusenårsstaden Gulatinget er med i EU-prosjekt, saman med andre norrøne tingstader, og ein ber om at den vert oppdatert til å vere av internasjonal verdi. Vidare må det opprettast ei absolutt vernesone rundt denne med ein radius på 10 km, fri for vindmøller.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-6	Meiner at i Gulen så kan heile kysten og fjordane avmerkast som friluftsområde av nasjonal verdi, som båtutfarts-, bade-, fiske- og turområde.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
146-7	Den delvis urørde naturen er Gulen sitt største aktivum når det gjeld både innflytting og reiseliv. Ynskjer og halde den fri for store prangande tekniske installasjonar, som industrielle vindkraftanlegg vil vere. Dette gjeld i stor grad også Solund. Ber om at det vert langt meir vekt på konfliktpotensialet når det gjeld friluftsliv.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-8	Viser til at Dalsfjellet og Flatfjellet har vore viktige utfarsområde for ski. Ber om at dei blir oppgradert i konflikt for å ta vare på området for framtidig friluftsliv om vinteren. Ber om at det same vert gjort for Bleikebrekkfjellet og Vardane.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
146-9	Viser til Gulen Dive resort, som driv opplevingsbasert reiseliv, som hadde med seg ca. 2500 turistar ut i øyane (i Gulen) i perioden frå mai til september.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Gulen dive resort er tatt inn på kart i vedlegg 9 (fagtemakart, reiseliv)
146-10	Viser til National Geographic Traveler si kåring av Fjord Norge til verdens vakrast reisemål, der spesielt evna til å take vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikre eit levande fjordlandskap med busetnad og ekte kultur vert framheva.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-11	Ber om at det blir lagt langt meir vekt på reiseliv i planen, så vi ikkje mister statusen som verdas vakraste reisemål.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-12	Ber om at Reiselivsplan for Sogn og Fjordane vert innarbeidd.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Teke omsyn til. Det vert sett inn referanse til reiselivsplanen.
146-13	Nemner at det skal vere ein Havornlokaltet i tilknytning til Dalsfjellet, og at det går eit grågastrekk over Ytre Gulen vest for Storsteinfjellet og sorover Eidsfjorden.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
146-14	Ber om at både friluftsliv og reiseliv generelt får eit høgare konfliktnivå.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
146-15	Protestarar på at Sogn og Fjordane skal vere leiande når det gjeld vindkraft på land. Ber heller bli leiande på reiseliv, også på kysten.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-16	Protestarar på at område med stor konflikt skal kunne byggjast ut dersom det lokale kommunestyret vil det, og det kan gjerast avbotande tiltak. Praxis har vist at det einasta avbotande tiltaket som i realiteten verkar er rett og slett å fjerne synlege vindmøller.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-17	Positiv til freding i 5 km radius rundt større busetnader.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-18	Positiv til freding av innløpet til Sognefjorden og Nordfjord i eit belte på 5 km på kvar side av leia. Synest at denne fredinga bør gjerast permanent og slik at tilstøytande påtenkte vindkraftprosjekt ikkje kan overskride denne grensa.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-19	Synest det er svært uheldig at Vindkraftforum Sogn og Fjordane fekk påverke fylkesplanen med sine innvendingar for alle andre. Foreslår at ein går tilbake til den fyrste planen og tek utgangspunkt i den. Innvendingane frå Vindkraftforum får vurderast på lik linje med alle andre innspel.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-20	Synest det er meningslaust å ha ein inndelingskala på heile 26 steg når datagrunnlaget er så tynt som det er både når det gjeld biologisk mangfald og kulturminne. Ber greie seg med ein skala på seks steg, i alle fall ikkje meir enn ni.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
146-21	Meiner at planen ikkje bør handsamast av fylkestinget for etter valget, slik at den kan bli eit tema i valkampen.	Nettverk mot vindmøller i Gulen	Tatt til orientering
147-1	Dersom skjærgardsidyllen i Solund i stor grad vert forstyrra av vindmøller er arvesolvet solgt. Solund sin skjærgar er uhyre attraktiv og har eit enormt potensial for rekreasjon om den ikkje vert øydelagd.	Martin Søfteland	Tatt til orientering
147-2	Viktigheta av ei buffersoner rundt innseglinga til Sognefjorden framstår som undervurdert. Innseglingsleia til Sognefjorden er vesentleg for turisme og reiseliv innover fjorden, så vel som for regionen og nasjonen.	Martin Søfteland	Tatt til orientering
147-3	Konfliktpotensialet for Lindefjellet må endrast til stort (jamfør buffersoner rundt innseglinga til Sognefjorden). Det same gjeld den sjørære delen av Ulvegveina.	Martin Søfteland	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2.
148-1	Stiller seg positiv til det overordna målet i pkt. 1, i retningslinene. Viser til at det er ambisiøst og at det vil føre til investeringar på over 10 mrd. kr.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-2	Meiner at målet om 1000 MW berre kan nåast dersom det vert opna for vindkraft i område som i planutkastet er definerte til å ha stort og middels konfliktpotensial. Viser til at når 7 m/s årsmiddelvind er brukt som kriterium, for å avgrense analyseområde, så tek ein med store areal som reint økonomisk er uinteressante. Dette sidan 8 m/s truleg er den vindstyrken som må til for å få lønsemd, dei komande 10 åra.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-3	Meiner at det på overordna nivå bør vere plass til godt med vindkraft i fylket, utan at dette går nemneverdig utover naturvern og relaterte brukarinteresser. Viser m.a. til at realisering av målet om 1000 MW vindkraft truleg berre vil føre til at INON vert redusert med 3 %.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-4	Gjev full tilslutnad til Vindkraftforum si fråsegn.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-5	Meiner generelt at utkastet er ubalansert når det gjeld vurdering av potensielle konflikter på den eine sida og dei positive ringverknadane på andre sida. Viser m.a. til at det for landbruk berre er vurdert negative sider, ikkje positive.	Vestvind kraft AS	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2.
148-6	Meiner det vert teikna eit for strengt og negativt bilete av konfliktpotensialet. Viser m.a. til stadvis språk mellom planen sitt konfliktpotensial og faktisk konfliktpotensial slik det framkjem av konkrete konsekvensutgreingar av vindkraftprosjekt.	Vestvind kraft AS	Diskusjon om konfliktpotensial og KU av einskildprosjekt er med i planen (kap. 1.2.2).
148-7	Meiner at bruken av INON som arealplanleggingsverktøy er missvisande, m.a. fordi INON knyter seg til avstand til tekniske inngrep noko som ikkje alltid heng saman med korleis topografien kan skjule inngrep. Viser også til at kriteria fsom definerer "tyngre tekniske inngrep" er uklære.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-8	Bør klarer areal til vindkraftformål ut frå behovet for å ivareta faktiske kvalitetar m.o.t. landskap, biologisk mangfald og kulturminne (heller enn å bruke det missvisande INON-verktyet).	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
148-9	Har ein del merknader til vurdering av konfliktpotensial, på bakgrunn av eigne konsekvensvurderingar av eigne prosjekt.	Vestvind kraft AS	Planen tek ikkje stilling til einskildprosjekt.
148-10	Er uroa for at planen, på sviktande grunnlag, skal blokkere for utbygging av vindkraft i eigna område. Viser mellom anna til stort språk mellom planen sitt konfliktpotensial for Eltvikehornet og konklusjonane i konsekvensutgreiing av Okla vindpark.	Vestvind kraft AS	Planen tek ikkje stilling til einskildprosjekt.
148-11	Oppløftande at planutkastet inneheld politiske retningslinjer som gjer det mogeleg å realisere gode vindkraftprosjekt også i område med stort konfliktpotensial.	Vestvind kraft AS	Tatt til orientering
149-1	Framhevar tre moment som, utifrå vedtekte strategiar for fornybar energi og utvikling av fylket, må ligge til grunn: - Sikre utbygging og drift av vindkraft og relatert aktivitet på brei front, - Synleggjere positive effektar, av ei vindkraftsatsing i fylket, på sysselsetjing, kompetanse- og næringsutvikling og - Nytte fylket sine unike vindkraftressursar til å bli eit føregangsfylke på fornybar energi/vindkraft, med fokus på samfunns- og næringsutvikling sett i ein nasjonal samanheng.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-2	Legg til grunn at planen skal støtte oppunder eit mål om satsing på vindkraft i Sogn og Fjordane.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-3	Viser til forebelse overslag som viser at 60 % av den nasjonale verdiskaping knytt til Mehuken II -utbygginga gjekk til næringslivet i Sogn og Fjordane.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-4	Har laga framlegg til nytt delkapittel med særleg vekt på sysselsetjing og verdiskaping. Ber om at det vert teke inn i planen.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Relevante referansar er teke inn i planen.
149-5	Saknar, i ein god del tilfelle, klare referansar til kva datagrunnlag dei faglege vurderingane er basert på. Konkrete referansar for delområde må til for at planen skal bli eit mest mogeleg tenleg "arbeidsdokument". Bette opplysing om kjelder vil styrke planen.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Har gjort endringar, for å prøve og rette på dette.
149-6	Retningslinene pkt. 7 går så langt i retning av å krevje førehandskartlegging at det vert urimeleg, sett frå ein tiltakshavar sin ståstad.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-7	Det er heil naudsynt, utifrå måten analyseområde er avgrensa på, at dei politiske retningslinene gjev tilstrekkeleg fleksibilitet til å gjere planen til ein eigna operativ reiskap.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-8	Det er heil sentral i samband med konkrete utbyggingssaker at det vert fokusert på reelle og ikkje potensielle konflikter. Det betyr at det bør vere opning for å kunne vurdere prosjekt uavhengig av kva for konfliktpotensial vindkraftplanen operer med, for eit område.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Dette er sikra gjennom lovverk, og nasjonale retningslinjer.
149-9	Det er viktig at det vert gjort klart kvifor analyseområde er avgrensa som dei er og kva datagrunnlag faglege vurderingar baserer seg på/referer til. Dette er viktig både i høve til rullering av planen og for verdien av planen som referansedokument for planlegging og vurdering av framtidige vindkraftprosjekt.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 140-2
149-10	Føresler at ein går vekk frå å bruke "vi" i planen, når det er snakk om fylkeskommunen.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Ikkje vurdert som naudsynt å endre dette
149-11	Har funne ein skrivefeil, i delkap. 1.2.2: der det ein plass står 6 poeng for hogaste konfliktpotensial. Det rette er 5 poeng.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Retta opp
149-12	Meiner det er to utfordringar knytt til rapport frå Aurland naturverkstad når det gjeld verdsetjing av landskapsområde/-samanhengar: 1. Ein seier at stor landskapsverdi gjev stort konfliktpotensial, men det er ingen klar referanse til kva faktorar det er som gjev landskapet stor verdi og i kva grad vindkraftanlegg vil påverke/øydelegge den. 2. Finn ikkje nokon tydeleg samanheng mellom verdivurdering av landskapsområde og landskapsamanhengar.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-13	Meiner det er naturleg å nytte verdsetjinga av dei einskilde landskapsområda til vurdering av einskildprosjekt, heller enn verdsetjing av landskapsamanheng som planene har teke utgangspunkt i ved verdsetjing av landskap. Ved vurdering av sumverknader kan det vere meir naturleg å nytte ei verdsetjing der ein ser fleire landskapsområde under eitt.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
149-14	Saknar klangringing av metodikk for vurdering av konfliktpotensial for biologisk mangfald. Viser til at det ikkje går fram korleis dei tre nivåa av biologisk mangfald er vekta.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Kap. 2.2, andre avsnitt, og delkap. 2.2.6 gjer greie for vurdering av konfliktpotensial for biologisk mangfald.
149-15	Stiller spørsmål om ikkje planen også burde ta omsyn til positive effektar, av vindkraftanlegg, ved vurdering av konfliktpotensial for friluftsliv.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 133-10.
149-16	Hevdar at den arrondering Riksantikvaren har gjort, av område med nasjonal verdi, er upresis og at når den vert teke bokstaveleg i planen, så vil det kunne påverke einskilde prosjektområde på ein måte som det reelt sett ikkje er grunnlag for.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Vi føreset at KU på prosjektnivå avklarar reelt konfliktnivå, jamfør delkap. 1.2.2.

149-17	Gjer framlegg om følgjande (om-) formulering av pkt. 7 i retningslinene: Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar, i samsam med konsekvensutgreiing, gjer erit forsvarleg arbeid med å kartlegge potensialet for funn av kulturminne, jfr. § 9 i Lov om kulturminne.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
149-18	Meiner det er meningslaust og ta med kart over reiseliv i vedlegg, når dette tema ikkje er teke med i vurdering av konfliktpotensial.	Vindkraftforum Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
150-1	Det er lagt fram eit godt fagleg arbeid på tema kulturminne og kulturmiljø og tema landskap. Positivt at ein har fått utarbeidd ei eiga landskapskartlegging for planområdet.	Riksantikvaren	Tatt til orientering
150-2	Store innvendingar mot opplegget for fastsetting av samla konfliktvurderingar og resultatet av desse. Med aktuelle fylkeskommunale retningslinjer oppfyller ikkje planen målet om å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging.	Riksantikvaren	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2.
150-3	Ikkje merknader til opplegget for konfliktvurdering for kvart enkelt tema, men har merknader til korleis ein bestemmer samla konfliktpotensial og grensene mellom stort, middels og lite konfliktpotensial. Grensene er her viktige når retningslinjene for planen seier: Utbygging av vindkraftverk skal vuderast i område med lite og middles konfliktpotensial.	Riksantikvaren	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2.
150-4	Endringa som er gjort i konfliktskalaen har ført til at 27 analyseområde som i mars-framlegget hadde stor konflikt, i høyringsframlegget har middels konflikt. Planen framstår med svak prioritering og konfliktpotensialet med nasjonale verdiar er underkommunisert.	Riksantikvaren	Tatt til orientering
150-5	Innafor dei ulike landskapsamhengane vil det vere område med høgare og lågare verdi i ein meir detaljert skala. Er usikker på om ein har funne rett nivå for landskapsamhengar. Saknar ei tydelegare framstilling av landskapsverdi og bakgrunn for konfliktpotensial for kvart analyseområde, på linje med andre fagtema, t.d. viste med temakart.	Riksantikvaren	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12 og 140-2.
150-6	Storre kulturmiljø med nasjonal og regional verdi er markert i planen. Fornøgd med at områda frå Riksantikvaren sin rapport frå 2005 "Kulturminneinteresser og vindkraftutbygging er med. Fylkeskommunen har trekt fram andre viktige kulturmiljø og merka desse som regionalt verdifulle. Ut frå tekst og Riksantikvaren sin kunnskap er det innafor desse også miljø av nasjonal verdi, slik som kvernsteinsområde i Fjaler og Hyllestad.	Riksantikvaren	Tatt til orientering
150-7	Viser til at Riksantikvaren har gitt fråsegn til fleire meldingar og søknader om vindkraftanlegg innafor planområdet og at ein saman med Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd tematiske konfliktvurderingar for prosjekta. Nokre av desse har fått høgaste og nest høgaste konfliktvurdering samla. Dette gjeld Okla, Bremangerfjellet, Ulvegveina, Lutelandet og Ytre Sula.	Riksantikvaren	Tatt til orientering
151-1	Opning for vindmøller både på nordsida og sorsida av Stongfjorden heilt ut mot havet vil bety ei omringing av fjorden med vindmøller. I fylkesutvalet sitt framlegg er mange område klassifisert ned til å ha mindre konfliktpotensiale enn kva faglege råd tilsa. Trussel mot biologisk mangfald, dyre- og fugleliv og friluftsliv/jakt. Kritikkverdig og gir liten tillit til sakshandsaminga.	Håvard Yndestad	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2 og 126-12.
151-2	Ved å plassere vindmøller på t.d. Hogeheia og Atloy vil dette bli øydelagt for all framtid. Vindmøller vil dominere utsynet. Satsing på livskvalitet for fastbuande og turistar bør oppmuntrast i staden for å banslegge areal og øyde natur ved vindkraft.	Håvard Yndestad	Tatt til orientering
152-1	Stiller spørsmål om habilitet til fleire av medlemene i fylkesutvalet når høyringsutkastet til vindkraftplanen vart handtert, særleg på grunn av at skala for konfliktpotensial vart endra av fylkesutvalet.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Tatt til orientering
152-2	Kraftlinje frå Ytre Sula vindpark nordover til Lutelandet er grunn god nok til å ikkje bygge ut vindkraft i Solund.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Tatt til orientering
152-3	Ytre Sula vindpark og ulvegveina vindpark vil dekke areal på 12,5 +15,7 km2 som utgjer 12,4 % av kommunen sitt areal. I tillegg kjem areal til kraftlinje, transformatorsasjon, kaier og tilkomstvegar. Landskapet i Solund er unikt med rik forkomst av konglomerat der det vil vere nærast umogeleg å sette i stand arealet etter at konsesjonstida er over.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Tatt til orientering
152-4	Særleg anelgget på Ytre Sula vil legge beslag på område med havorn og andre rovfuglar. Hekkeplasar for havorn, hubro og vandrefalk i og utanfor planlagt vindkraftområde.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Tatt til orientering
152-5	Riksantikvaren meiner at Ytre Sula vindpark vil komme i konflikt med fleire kjende automatisk freda kulturminne.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Sjå tilbakemelding under pkt. 148-10.
152-6	Norges Miljøvernforbund meiner at Ulvegveina vindpark må skrinleggast på grunn av støy for den nærast busetnaden.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Sjå tilbakemelding under pkt. 148-10.
152-7	Vindpark og kraftlinjer vil redusere beitelandet for hjort. Hjorten sine trekkruer til Solund kan bli kraftig reusert.	Inger Leirvåg og Marte Heimdal Leirvåg	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8.
153-1	NVE er positive til at nettkapasitet er tatt omsyn til planforslaget. Kraft frå vindkraftprosjektet kan først matast inn i sentralnettet når ny 420 kV linje er venta ferdig i 2014.	NVE	Tatt til orientering
153-2	NVE meiner at vindsressursar ikkje er teke omsyn til i tilstrekkeleg grad i planen. NVE ser det som ein svakheit ved planutkastet at det ikkje er teke utgangspunkt i konkrete prosjekt som alt er framlagt.	NVE	Tatt til orientering
153-3	NVE ser ikkje behov for å gjennomføre undersøkingar i tråd med § 9 i kulturminnelova som ein del av konsekvensutgreiingar. NVE vil at utdersøkingsplika vert gjennomført for eventuelt anleggsarbeid vert starta.	NVE	Tatt til orientering
153-4	Vedtatt regional plan vil inngå i beslutningsgrunnlaget for NVE si konsesjonsbehandling av enkeltprosjekt, men NVE må også vektlegge andre forhold enn dei omsyn som i fylkesplanar for vindkraft er vektlagt ut frå regionale vurderingar og prioriteringar. I konsesjonsbehandlinga vil m.a. vindkraftplanar og nettutbygging bli vurdert samla der dette er vurdert som hensiktsmessig. Innan utgangen av 2012 ønskjer NVE å prioritere i kva rekkefølge prosjekt i Sogn og Fjordane skal sluttbehandlast.	NVE	Tatt til orientering
154-1	Vindkraftplanen omtalar graden av konflikter ved ulike vindkraftprosjekt, men sier ingen ting om den samfunnsmessige effekten desse prosjekta har for lokalsamfunna i fylket. Positive konsekvensar som inntekter, arbeidsplassar, kjøp av varer og tenester, vekst i lokalsamfunn og fylkesentra eller nasjonal betydning er totalt fráverande i planen.	Botnane og Årebrot Grendalag	Sjå tilbakemelding under pkt. 148-10.
154-2	Hurtigrute-trafikk, turisme, dyre- og fugleliv, nærleiken til gravrøyser m.m. vil ikkje lide noko last med vindkraftpark som nabo. Det er aktivitet som skal til for å få folk til å bu i bygdene.	Botnane og Årebrot Grendalag	Tatt til orientering
154-3	Turbinane må trekkast tilbake frå fjellkantane som mange stader stuper bratt ned i sjøen.	Botnane og Årebrot Grendalag	Tatt til orientering
156-1	Kap. 1 Bakgrunn og innleiing. Her vert det lagt opp til gode føringar for planarbeidet og klare mål for kva planen skal ta stilling til og avklare.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-2	Kap. 1.2 Metode og føresetnader, analyseområde. Fire kriterier for analyseområde bør supplerast med: Ikkje ha hellingegrad som overstig 12%	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Ikkje vurdert som relevant i forhold til avgrensing.
156-3	Planen seier at turbinane kan bli oppfatta som framtrekande landskapelement i avstand 6 km. FNF vil påpeike at ikkje berre turbinane vil bli oppfatta som framtrekande landskapelement. Heile anlegget og ikkje minst infrastrukturen vil vise. Visuelle effektar av vindkraftanlegg knytt til kulturminne og miljø må reknast som konfliktfylte når anlegget vert synleg innan ein radius på 10 km.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-4	Saknar fagleg grunnleggjering for verdisetting i nykonstruert skala	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
156-5	Saknar generell omtale av negative sider ved vindkraftutbygging. Saknar ei utgreiing av reversible kontra irreversible inngrep ved vindkraftutbygging. Meiner at ein i første omgang må bygge ut i område der inngrepa i størst muleg grad kan vere reversible i landskapet.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 133-2.
156-6	Grunneigarinteresser er ikkje likestilte med lokalsamfunnet sine interesser. Næringsinteresser kan vere i motstrid til naturbaserte reiselivsinteresser.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-7	Det er berre for fagtema biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde og reiseliv at verddivurdering av konfliktpotensial er forklart ut frå gitte kriterium. Der desse er forklarte er dei sett med verdi ulik dei kriteria som er gjevne i nasjonale retningslinjer for lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg og andre nasjonale forvaltningsmål.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12 og 140-2.
156-8	Stiller spørsmål om kor objektive kriteria for vurdering av landskap i planen er.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-4
156-9	Kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfald er mangelfullt. Dette fører til undervurdering av konflikter og skader som inngrep kan medføre. Konfliktgraden på biologisk mangfald burde vere sett høgare. Nykonstruert skala hindrar at svært stort konfliktpotensial for eitt tema blir synleg.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12 og 126-2
156-10	2.3.3. INON og vindkraft - vurdering av konfliktpotensial. Verdien av område nevnt under kategori a) må settast til svært stor verdi, ikkje middels. Verdien av område under kategori b) må settast til stor. Område der utbygging vil lage INON-soneforskyving av villmarksprege INON-område eller av INON-område frå fjord til fjell, eller vil redusere INON-område i regionar som har svært lite igjen av slike, bør få stor verdi.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12
156-11	Ny poengskala og forslag om retningslinjene er ikkje lenger tufta på faglege vurderingar, men legg opp til størst mogeleg for utbygging. Ser ikkje at dette samsvarar med måla for planen om å medvirke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging. Planen svarar heller ikkje til overordna nasjonale målsetjingar og vedteken politikk. Svært kritisk til formuleringane om betre ballanse og fornuftig vurdering i forhold til faglege grunnleggjende kriteria- jf. referat frå møtebok FU 28.04.2010, sak 47/10. FNF viser til Fylkesmannen i Sogn og Fj. sin uttale til planen, kap. 3 og 4 og sluttar seg til denne.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
156-12	Det er ikkje peika ut område som er spesielt godt eigna til utbygging. Vindkraftutbygging vil i ein del tilfelle komme i konflikt med andre naturbaserte næringsinteresser som reiseliv, geoturisme, hyttebygging, landbruk, naturbaserte opplevingsnæringer. Dette er ikkje avklart på god vis i planen. Anlegg plassert ved innsiglinga til Sognefjorden, eit av dei viktigaste turistmåla i landet, må komme under kategorien svært stort konfliktpotensiale. Internasjonale og nasjonale miljømål ligg ikkje til grunn for dei fylkeskommunale retningslinjene. Politikanane har ikkje vist noko reel evne til å peike ut område som ikkje er eigna for vindkraftutbygging ut frå faglege grunnleggjeringar, føringar og forpliktingar frå nasjonale og internasjonale miljømål.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-13	Det må arbeidast med å finne metodar for å vurdere sumeffektar.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-14	Fylket har stort utbyggingspotensiale i område med lite konfliktpotensial. Nye prosjekt må starte i desse områda. Det er ikkje behov for å opne for utbygging i område med middels og stort konfliktpotensiale. Ved å bygge ut i område med lite konfliktpotensiale, kan ein oppnå dei operative måla og samtidig ivareta dei overordna måla.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-15	Forvaltningsreforma har gitt nye oppgåver til fylkeskommunane. - vilt, fiske, vassregion, friluftsliv og allemannsretten. I praksis betyr dette at fylket skal sette i verk nasjonal miljøpolitikk gjennom forvaltning av naturen i fylket. Regionale planar som er ute på høyring vil vise om fylket er i stand til dette.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-16	Fylkesutvalet si handtering av regional plan for vindkraft viser lite respekt for faglege utgreiingar, nasjonale retningslinjer og internasjonale forpliktingar.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-17	Innblanding i politikk og påverking frå Vindkraftforum då fylkesutvalet endra kriteria/retningslinjer, er lite tillitsvekkande og svekker politikarane si stilling som medvitne forvaltarar.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering

156-18	Klimavenleg er ikkje nødvendigvis miljøvenleg. Fornybar energi er miljøvenleg berre når den ikkje går ut over miljømål som biologisk mangfold og inngrepsfri natur. Fortsett fokus på tilføring av energi til samfunnet utset fokus på omstilling til eit lågenergismått. Vi kan realisere kostnadseffektive "nullenergihus" innan 5-10 år.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
156-19	Fylkeskommunen bør arbeide vidare med det opprinnelege planframlegget. Planen er viktig på grunn av dei store inngrepa som er nødvendig for vindkraftutbygging.	Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Tatt til orientering
157-1	DN har innvendingar til korleis fylkeskommunen har fastsett dei samla konfliktpotensialane og resultatet av desse. Saman med dei fylkeskommunale retningslinjene medvirkar ikkje planen til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging for gitte miljøverdiar, eller til å oppfylle dei nasjonale retningslinjene for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg.	Direktoratet for naturforvaltning	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
157-2	Prinsippa i naturmangfoldlova som vert sett i kraft 1. juli 2009 er ikkje omtalt i planen. Fylkeskommunen må innarbeide desse i planen.	Direktoratet for naturforvaltning	Teke omsyn til. Prinsippa er no innarbeidd i delkap. 2.2.3.
157-3	Fylkeskommunen må vurde konfliktskapa på nytt, jf. innarbeiding av prinsippa i naturmangfoldlova. DN har innvendingar til korleis fylkeskommunen har sett grenseverdien for eit område som har lågt, middels eller stort konfliktpotensial i høve til vindkraftutbygging. Val av grenseverdiar for konfliktpotensiale har mykje å seie når det gjeld kva område som kan byggast ut eller ikkje. Etter DN si vurdering må det vere ei strengare vurdering av grenseverdiene. Dei grenseverdiene som faggruppa sette for konfliktpotensial i høyringsutkastet av 9. mars 2010, er meir i samsvar med dei nasjonale føringane for vurdering av konfliktpotensial.	Direktoratet for naturforvaltning	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2 og 126-12.
157-4	Planforslaget er så ekspansivt og har så svake føringar, at det i praksis ikkje er mogeleg å forholde seg til planen når det kjem konkrete saker for utbygging. Ei sterkare prioritering av område vil vere med på å redusere dei negative miljøverknadene samtidig som det vil vere meir forutsiande for dei som skal bygge ut vindkraft i regionen.	Direktoratet for naturforvaltning	Tatt til orientering
157-5	Det bør ikkje opnast for vesentleg større område enn at målet om 1000 MW kan nåast. Ei utbygging av vindkraft bør starte i dei minst konfliktylte områda.	Direktoratet for naturforvaltning	Tatt til orientering
157-6	Dersom prinsippa i naturmangfoldlova ikkje blir innarbeidd og konfliktpotensialet ikkje blir justert i samsvar med statlege retningslinjer, vil DN krevje at planen vert lagt fram for dept. i tråd med PBL § 8-4 andre ledd.	Direktoratet for naturforvaltning	Tatt til orientering
158-1	Planen gir små avgrensingar for vindkraftutbyggingar i Gulen kommune, sidan alle analyseområda har lite eller middels konfliktpotensiale. Samla for heile planområdet har 95 % av arealet lite eller middels samla konfliktpotensiale. I tillegg opnar retningslinjene for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbotande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte.	Gulen kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
158-2	For Gulen er særleg registreringane av biologisk mangfold mangelfulle. Mangelfullt kunnskapsgrunnlag kan medføre at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samtidig er det sett relativt høg grense for kva som vert rekna for middels samla konfliktpotensiale, og dette gjer i sum at planen har ein avgrensa funksjon som styringsverktøy. Konsekvensutgreingar ved søknad om konsesjon som vil vere avgjerande for å få eit endeleg bilete av verdien til eit mogeleg utbyggingsområde.	Gulen kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
158-3	Kommunen kan ikkje nytte retningslinjene i planen i vesentleg grad fordi: Søknadene kjem ikkje til same tid, slik at ein ikkje kan samanlikne. Mange potensielle vindkraftverk med om lag same avstand til tilknytingspunktet på Frøyset. Vindtilhøva er avgjerande for utbygging. Gulen har for dårlege vindtilhøve i Slovåg, som er det einaste store industriområdet der samlokalisering kunne vore aktuelt.	Gulen kommune	Tatt til orientering
158-4	Kommunen vil ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi, men meiner at ein må ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gir tilgangen til naturen og opplevinga av landskapet høg verdi.	Gulen kommune	Tatt til orientering
158-5	Foreslår slike retningslinjer: 1. Som i høyringsutkastet. 2. Utbygging av vindkraftanlegg skal berre vurderast i område med lite konfliktpotensial. 3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensial vert ikkje prioritert. 4. og 5. Som i høyringsutkastet. 6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med retningslinje 4. og 5. 7. og 8. Som i høyringsutkastet.	Gulen kommune	Tatt til orientering
158-6	Gulen kommune foreslår slik skala for konfliktpotensial: Lite 6-10, Middels 11-12, Stort 13-30.	Gulen kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2
158-7	Kommunen har i arealplanen (2010) sett av to område til vindkraft. Desse områda har fått fokus lokalt og konfliktpotensiale har kome fram. Andre område er ikkje fokusert på same måten, og konfliktpotensialet der kan vere større enn det som er registrert i planen. Av omsyn til Tusenårsstaden, bør områda rundt denne markerast med stort konfliktpotensiale. Dette er eit svært viktig kulturminne. Kunnskapsgrunnlaget i planen må aukast.	Gulen kommune	Tusenårsstaden er teke omsyn til ved vurdering av konfliktpotensial for tema kulturminne og -miljø. Den er også omtala i faktadelen, delkap. 3.7.1.
159-1	Vindkraft kan bli den nye store næringa på kysten når olje- og gassressursane går mot slutten. Viktig å vere med på denne utviklinga frå starten og det krev at vi er villege til å sette av areal for utbygging av vindkraft. Viktig at dei best eigna areala blir prioriterte. Det må takast omsyn til vindressurs, rasjonell utbygging, tilknytning til infrastruktur og konfliktnivå. Planen tek godt omsyn til ulike forhold og veg dei opp mot dei mulighetene som denne næringa representerer for fylket. Lokalt har vi opplevd lite bekymringar for den planlagde vindparken på Lutelandet, men dei motforestillingane som har kome, har for ein stor del gått på frykt for støy og det visuelle rundt etablering av ein vindpark.	Fjaler kommune	Tatt til orientering
160-1	I kommuneplanen sin arealdel (2008-2020) er to større område, eit på Ytre Sula og eit aust for Ulvegveina, lagt inn som mogeleg vindkraftområde. Melde kraftlinjetraser er og teikna inn på plankartet. For det vert teke endeleg stilling til vindkraftutbygging, ønskjer kommunestyret (24.04.2010) folkeavstemming.	Solund kommune	Tatt til orientering
160-2	Planen gir små avgrensingar for vindkraftutbygging i Solund kommune, sidan 9 av 11 område har lite eller middels konfliktpotensiale. I tillegg opnar retningslinjene for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbotande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte. Det vil i praksis seie at så godt som alt areal i planområdet kan utbyggast.	Solund kommune	Tatt til orientering
160-3	Grunnlaget for vurderingane av konfliktpotensiale er basert på eksisterande registreringar for ulike tema. Kunnskapen om ulike temaområda er varierende. For Solund er særleg registreringane av friluftsliv forelda og mangelfull.	Solund kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8 og 148-10.
160-4	Mangelfullt kunnskapsgrunnlag kan føre til at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samtidig er det sett relativt høg grense for kva som vert rekna som middels samla konfliktpotensial. Dette gjer i sum at planen har avgrensa funksjon som styringsverktøy. Det er ein mangel ved planen at konfliktpotensial knytt til kraftlinjetraser ikkje er er vurdert.	Solund kommune	Tatt til orientering
160-5	Kommunen vil ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi, men ein må samtidig ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gjev tilgangen til naturen og opplevinga av landskapet høg verdi. I mange tilfelle er dette hovudgrunnen til at dei vel å busette seg og bli buande i slike område.	Solund kommune	Tatt til orientering
160-6	Kommunen ønskjer å framstå som ein grøn kommune og vil vere med på å ta sine del av den nasjonale satsinga på fornybar energi. Kommunen er positiv til at det er utarbeidd ein regional plan for vindkraft og er i hovudsak fornøgd med retningslinjene i kap. 4. Meiner generelt at verdiene for ulike arealinteresser er sette noko høgt.	Solund kommune	Tatt til orientering
161-1	Planen gir små avgrensingar for vindkraftutbygging i Hyllestad kommune, sidan alle områda har lite eller middels konfliktpotensiale. I tillegg opnar retningslinjene for at også område med stort konfliktpotensiale kan utbyggast dersom avbotande tiltak er tilfredsstillande og tiltaket har lokal politisk støtte.	Hyllestad kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12
161-2	Grunnlaget for vurderingane av konfliktpotensiale er basert på eksisterande registreringar for ulike tema. Områda som er interessante for vindkraftutbygging er i stor grad hogtiggande fjellområde, og i slike område er det mest ikkje gjort registreringar i det heile. Registreringar av kulturminne og miljø er mangelfulle. Vesentleg kartleggingsarbeid der difor nødvendig ved aktuelle søknader.	Hyllestad kommune	Samsvarar med det som er sag i planen.
161-3	Mangelfullt kunnskapsgrunnlag kan føre til at samla konfliktpotensiale for eit område vert lågt. Samtidig er det sett relativt høg grense for kva som vert rekna som middels samla konfliktpotensial. Dette gjer i sum at planen har avgrensa funksjon som styringsverktøy.	Hyllestad kommune	Tatt til orientering
161-4	Bergsheia og Smilleheia ligg i og ved kversteinsbrota i Hyllestad. Desse områda er kulturmiljø av stor verdi og representerer eit av dei største kulturminneområda i landet. Desse områda må få status med høgt konfliktpotensial.	Hyllestad kommune	Teke omsyn til. Konfliktpotensial for tema kulturminne er auka til stort for Smilleheia.
161-5	Lifjell og Høgeheia (Lifjell- og Storakerområdet) er registrert som regionalt viktige friluftsområde. På grunn av dette er det tidlegare lagt restriksjonar på m.a. vasskraftutbygging. Området må få status med høgt konfliktpotensial.	Hyllestad kommune	Konfliktpotensial er endra til stort, for Lifjell og Høgeheia (jamfør tilbakemelding under pkt. 126-12).
161-6	Kommunen vil ta sin del av den nasjonale satsinga på fornybar energi, men ein må samtidig ta på alvor at mange som bur i område med mykje natur, gjev tilgangen til naturen og opplevinga av landskapet høg verdi. I mange tilfelle er dette hovudgrunnen til at dei vel å busette seg og bli buande i slike område. Med dagens tilgjengelege informasjon er det vanskeleg å å lage eit verkøy som kan avgrense utbyggingane i tilstrekkeleg grad.	Hyllestad kommune	Tatt til orientering
162-1	Det ligg mange føringar i regional plan for vindkraft som ikkje kjem godt nok fram i utkastet. Det er ei svakheit at kunnskapsgrunnlaget dels er gammalt og dels ufullstendig.	Askvoll kommune	Tatt til orientering
162-2	Planen tek for seg konfliktnivå, men ikkje kor godt dei ulike områda er eigna for vindkraftutbygging. Geografi er avgjerande for kostnader med infrastruktur og utbygging. Avstand til, kapasitet og eventuell konflikt av etablering av kraftlinjer vil vere avgjerande spørsmål. Planen er ikkje noko godt grunnlag for prioritering av faktiske utbyggingar.	Askvoll kommune	Tatt til orientering
162-3	Eventuell utbygging av vindkraft i kommunen skal styrast av kommuneplanprosessar og sterk lokal forankring.	Askvoll kommune	Tatt til orientering
162-4	Særleg temakart for friluftsliv og reiseliv er for dårleg i høve til nosisituasjonen i Askvoll. Desse er gjennomgåande for lågt verdsett i planen. Andre tamakart må rettast opp i tråd med merknader. Kommunen foreslår nye tal i tabell 3.4.3 Samla konfliktpotensial.	Askvoll kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8, 126-2 og 126-12.
162-5	Foreslår supplering til tekstdelen. Kulturminne: Bygningsmiljøet i Væroyhamna. Reiseliv: Kommunen satsar på friluftsliv og naturbasert reiseliv. Informasjonssenter om sjøfuglvern på Værlandet, gjestehavner, hytteområde, oyhopping og fjordturar, festivalar og andre arrangement, galleri og bygdemuseum. Helle knivfabrikk. Landsløy stein m.m. Fjellet Alden må markerast med nasjonal verdi. Biologisk mangfold: Askvoll har 15 sjøfuglreservat og to våtmarksreservat. Kommunedelplan for Bulandet og Værlandet er i sluttfasen, og her vert det sett av utviklingsområde aust på Værlandet der ein tenkjer seg næring/utbyggingsaktivitet. Vindmøllar har vore diskutert som framtidig utnytting av arealet.	Askvoll kommune	Plantekst er supplert der ein har funne det tenleg.
163-og-167-1	Fylkesutvalet har overprøvd faglege vurderingar og definert om kva som skal vere stort konfliktpotensial for planen vart sendt på høyring. I høyringsutkastet er det difor bere 11 analyseområde med stort konfliktpotensial, mot dei 38 som faggruppa kom fram til. Fylkesutvalet si endring av planframlegget betyr at det meste av kystområda i fylket blir foreslått opna for vindkraftutbygging. Dette synest heilt unødvendig fordi målet om 1000 MW vindkraft er realiserbart innfor det framlegget som faggruppa la fram. Når retningslinjene nr. 4.1.3 opnar for utbygging også i område med stort konfliktpotensiale, kan planframlegget ikkje lenger definereast som ein styrande plan for vindkraftutbygginga i fylket. Som eksempel har områda Hovden, Tverrdalsnipa og Håsteinen stort konfliktpotensiale i faggruppa sitt første framlegg, medan det etter handteringa i fylkesutvalet berre er Hovden som har stort konfliktpotensial.	Flora kommune	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-2 og 126-12.

163-og-167-2	Kysten har potensiale for fornybar energi som vindkraft, sjøvarme og bølgekraft, men samtidig har kystkommunane truleg det største potensialet når det gjeld andre framtidretta næringer som t.d. reiseliv og matproduksjon. Ein plan som skal vere eit styringsreiskap for framtidig vindkraftutbygging og kan sjåast opp mot anna viktig verdiskaping, bør vere meir avgrensande og forutsigbar i si form enn det er lagt opp til i planen. Om det frå politisk hald er ønskeleg å opne for utbygging i alle område inkludert dei svært konflikthøge areala , burde det vere meir ryddig og tillitsvekkande at dette vert konkludert med i retningslinjene, uten endringar i skaleringa av konfliktnivået for ulike areal. Dei faglege vurderingane frå plangruppa synest å gje eit meir reelt bilde av konfliktpotensialet, enn det som er sendt på høyring. Planen vil ikkje føre til mindre konflikt mellom vindkraftutbygging, andre interessegrupper og viktige miljøverdiar, men vil truleg føre til auka konfliktnivå når utbyggingsinteressene får ein plan som nærast opnar for utbygging på dei fleste areal.	Flora kommune	Tatt til orientering
163-og-167-3	Vurderingsgrunnlaget i planen slik det går fram av plangruppa sitt framlegg til fylkesutvalet, skal leggst til grunn for det vidare arbeidet. Det bør vurderast om det er behov for å legge til grunn eit arealpotensiale for utbygging av 5000 MW vindkraft, når det i retningslinjene vert lagt opp til ei målsetting om utbygging av 1000 MW. Punkt 4.1.3 i retningslinjene skal fjernast frå planen.	Flora kommune	Tatt til orientering
166-1	Foreslått overordna mål er tøvet og urealistisk når det gjeld vindkraftutbygging på land. Fleire fylke er lenger kome i landbasert vindkraftutbygging. Foreslår at det overordna målet vert endra til å gjelde vindkraftutbygging til havs.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-2	Det operative målet om å "kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser" er ikkje oppfylt når det gjeld utfordringane for reiselivsnæringsna. Utfordringane er omtala for reiselivet på lokalt nivå i utbyggingsområdet, men kan ikkje på nokon måte kallast kartlagde. Utfordringane for dei store nasjonale reiselivsinteressene, mellom anna knytt til verdsarvområdet i Sognefjorden, "Verda si vakreste sjøreise" og marknadsføringssamarbeidet mellom Sognefjorden, Den kinesiske muren og Pyramidane i Egypt, er knapt nok nemnde. Dette er vesentlege manglar ved planen!	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 148-10 og 130-8.
166-3	Dersom planen vert vedteken slik den er no, vil den maksimere – ikkje minimalisere – ubeldige konsekvensar av vindkraftutbygging. Dette er svært alvorleg. Fylkesutvalet har redusert talet på område med stor konflikt til eit minimum, berre 5% av det samla produksjonspotensialet. Samstundes er det opna for utbygging også i dei resterande 5% med stor konflikt, under foresetnad av positiv tilråding frå kommunen si side. I praksis betyr dette "fritt fram" for kvar einaste vindkraftutbyggar som greier å oppnå samtykke til utbygging frå kommunen si side. Fylkesutvalet sitt vedtak 25.05.2010 er klart i strid med fylkekommunen sine eigne operative mål for vindkraftplanen.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-4	Viser til vindkart i fig. 1.2 og hevdar at det ikkje er berre styrken på vinden som er viktig i samband med bygging av vindkraftverk. "Kvaliteten" på vinden er også viktig. Det er kjent at vindstyrken på norskekysten er betydeleg større enn vindstyrken i til dømes Tyskland. Men det er også kjent at vindkvaliteten i Noreg er mykje dårlegare enn i Tyskland. Med dårleg vindkvalitet meiner ein m.a.: for sterk vind, ujamn vindstyrke, vind som raskt skifter retning, vind med turbulens, vind som bles på skrå oppover eller nedover, og som dermed ikkje kjem rett mot turbinblada. Dette burde ha vore omtalt i planen. Vindkvaliteten til havs er truleg mykje betre enn på land.	Sogn og Fjordane Turlag	Vindkvalitet har ikkje vore del av planarbeidet, jamfør planprogram.
166-5	Meiner at vindkraftutbygging på land vil få minimalt å seie for utvikling av ein spesialisert vindkraftindustri i Sogn og Fjordane. Det er på offshoremeknaden dei suverent største sjansane for industriutvikling ligg. Derfor kan ei konsesjonssøkte testområda for offshore vindkraft i nærleiken av Måloy vise seg å bli overmåte viktige! Vindkraftutbygging på land er det ikkje!	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-6	Berekna ledig linekapasitet for vindkraft, 1.750 MW, etter realisering av ny 420 kV linje, er sett for høgt. Ledig kapasitet for vindkraft på 1.200 MW som meir sannsynleg. Melding om "Stadvind Flytande vindkraftanlegg" har ein planlagt installert effekt på 1.080 MW. Om det det blir omfattande vindkraftutbygging på land i fylket, risikerer ein at Stadvind-planane enten må skrinleggast, eller reduserast kraftig. Dette er ikkje drøfta i planen. Problemstillinga er heller ikkje vurdert politisk. Vesentleg auka i kapasitetsutnyttinga vil auka strålefare frå kraftlinja.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-7	Vi har, basert på fagleg-objektive verdiløysingar, heilt einestående naturverdiar å forvalte i vårt fylke. Ser ein på meir subjektive vurderingsmåtar, så er Vestlandske fjordlandskap, som vi i hog grad er ein del av, kåra til verdas fremste naturbaserte reisemål.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-8	Området Gulesletten/Plogen skal ha nasjonalt verdinivå. Dette einestående og heilt spesielle landskapet med sine fjell og trappetrinsformasjonar finst det så vidt vi veit ikkje maken til nokon annan stad i landet! Det einaste vi kan sjå som kan tale for å sette landskapet til "berre" Stor regional verdi, er at dei nasjonalt aller mest verdfulle delane er innanfor grensene til Ålfotbreen landskapsvernomsråde. Det er store landskapsverdiar også utanfor vernegrensene.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-8 og 130-8.
166-9	Grov mangel ved planen at nasjonale fjordlandskap ikkje er omtala slik som i vasskraftplanen. Verdien på fjordlandskapa kan, for det aktuelle planområdet, settast likt med dei verdiane dei har fått i Vasskraftplanen. Vindkraftutbygging vil ofte i enda større grad enn vasskraftutbyggingar kunne dominere fjordlandskapa: Planområdet dekkjer dei vestlegaste omlag 55 kilometerane av Sognefjorden som er inngangsporten til verdsarvområdet. Er det undersøkt om vindkraftutbygging kan få konsekvensar for verdsarvstatusen? Eit klart fleirtal av delområda med liten og middels konflikt vil i større eller mindre grad kome i konflikt med fjordlandskap med regional eller nasjonal/internasjonalt verdi.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-8, 130-8 og 148-10.
166-10	Om vindkraftplanen vert vedteken slik den no ligg føre, vil den føre til formidabile sumverknadar. Eit døme for å illustrere det: Turen med Hurtigruta er kåra til "Verda si vakreste sjøreise". Hurtigruta brukar ca. 8 timar frå fylkesgransen til fylkesgrense når den passerer Sogn og Fjordane. Om melde/konsesjonssøkte prosjekt vert bygde, vil det vere berre 15 – 20 minuttar av desse 8 timane som ein ikkje vil sjå eitt eller fleire vindkraftverk.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-11	Aksjonsområde rundt eit havområde er større enn 5 km, minst 10 km, oppmot 20 km. 12 av 14 delområde i Solund har fått middels eller liten konflikt trass i at Solund har dei tettaste forekomstane av hekkande , kollisjonsutsette raudslitefuglane i fylket. Dette er konfliktvurderingar sterkt i strid med dei statlege retningslinjene for utarbeiding av vindkraftplanar og med den nye Naturmangfalldova. Vegetasjonstypen kystlynghei og terrengdekkande myr, er begge klassifisert som sterkt trua. Trass i dette har ei rekke delområde med ein av, eller begge, desse vegetasjonstypene fått ei samla konfliktvurdering som er middels konflikt, kanskje også liten konflikt. Ekstra ille blir dette når ein ser på sumverknadane.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 126-12.
166-12	INON-kartlegginga kan vere sterkt missvisande når det gjeld vindkraftverk, ved at turbinane mange stader vil bli synlege på lang avstand. Også inne i villmarksprega område vil turbinane kunne dominere utsikten. Påpeikar at det må vere ein skrivefeil i punkt 2.3.3 a) der det må stå stort konfliktpotensial og ikkje middels. Sumverknadar av INON-bortfall er ikkje omtala i planen. Dette er ein mangel. 1000 MW vindkraft med tilhøyrande kraftlinjer vil føre til eit svært omfattande INON-borfall.	Sogn og Fjordane Turlag	pkt. a) i delkap. 2.3.3 er endra.
166-13	Er sterkt misnøgd med delar av verdi- og konfliktvurderingane i planen. Det gir altfor lite spenn i konfliktvurderingane å berre operere med to konfliktnivå for friluftsliv: liten og middels. Stor konflikt eksisterer ikkje planen, men det gjer det ute i felten. Viktige nærturområde til tettstadane i fylket, har ofte svært omfattande bruk og konfliktnivået bør settast til stor konflikt. Verdivurderingane for friluftsliv er til dels gamle, i nokre tilfelle forelda. I tida som har gått, har det i nokre område skjedd til dels betydelege endringar, mellom anna som følge av Turlaga sin aktivitet, Nordsjøloypene, betre kommunikasjonar, m.m. Ein del av dette er retta opp i arbeidet med vindkraftplanen, men ein del står framleis att å korrigere. M.a. for store delar av Solund. Sumverknadar av vindkraftutbygging, desse områda er særleg viktige og utsette: Guleslettene i Flora og Bremanger. Truleg det vestlegaste skiutføringsområdet i landet og har vorte mykje brukt etter at vegen til Svelgen betra tilgangen. Også mykje brukt til fotturar og jakt om sommaren/hausten. Solund. Området er nok så "nyoppdaga" i Turlagsamheng, men har fantastiske kvaliteter for eit variert friluftsliv som fjellturar, sykling, padling, bruk av robåt, fiske, bading m.m. Bremangerlandet. Svært mykje brukt lokalt, og ganske mykje brukt også regionalt. Glimrande for mellom anna fotturar, sykling, bading og fiske.	Sogn og Fjordane Turlag	Vurdering av konfliktpotensial for friluftsliv er gått gjennom på nytt og vi har funne feil som er retta opp, m.a. er det no område med stort konfliktpotensial i delområda Stad-Vågsøy, Bremangerlandet-Ålfoten og Gulen (som hadde for lågt konfliktpotensial i planutkastet). Sjå elles tilbakemelding under pkt. 130-8.
166-14	I forhold til folketallet er reiselivsnæringsna i Sogn og Fjordane godt over dobbelt så viktig som den er både på landsplan og i nabofylka. Hovudgrunnen til at det kjem så mange turistar til Sogn og Fjordane er ønsket om å oppleve naturen. Kombinasjonen av den urorte naturen med fossar, fjordar, fjell og brear, og kulturlandskapet og andre kulturverdiar, har plassert naturen i Sogn og Fjordane (og i nabofylka) i den absolutte verdstoppen når det gjeld naturopplevingar. Vestnorske fjordlandskap er kåra til verda sitt finaste naturbaserte reisemål. Sogn og Fjordane har naturverdiar i den aller ypparste verdstoppen. Sjølv om det er ein uvanleg bruk av ordet, kan vi seie at naturverdiene er reiselivet i Sogn og Fjordane sin suverent viktigaste infrastruktur. Det finst vel knapt nokon andre næringer nokon stad i landet som står i fare for å bli utsette for ei så omfattande øydelegging av den viktigaste delen av infrastrukturen sin som det reiselivet i Sogn og Fjordane kan bli utsette for som følgje av Vindkraftplanen og Vasskraftplanen.	Sogn og Fjordane Turlag	
166-15	Er sterkt ueinig at reiselivsinteressene vert ivareteke av andre tema i planen, og at det difor ikkje er problematisk at ein manglar kunnskap om turistar sin bruk av ulike område. Innsyn til vindkraftanlegg frå sjøreisar vil vere viktigast. Eigne anslag viser at 0,8 til 1,0 mill. turistar/reisande vil årleg passere eventuelle vindkraftverk rundt den vestlege delen av Sognefjorden. Ein vesentleg del av grunnlaget for å vurdere konfliktnivået med reiselivet, er å sjå på tal besøkande. Høge besøkstal gir høgt konfliktnivå. Denne delen av konfliktvurderingane vert ikkje ivareteken under andre tema. Konfliktnivået med reiselivet er så stort i mange område, at dette må inn i vurderingane på linje med landskap, INON, kulturminne, friluftsliv etc. Det er kritikkverdige med dei mangelfulle opplysningane om reiselivsnæringsna i planen. Turlaget ønskjer at fylkeskommunen innhentar årlege passasjerstatistikk for dei aktuelle rutene, og at det vert laga anslag på tal reisande, for planarbeidet vert avslutta. Det må vurderast i kva grad målsettingane i den nyleg vedtekte reiselivsplanen for Sogn og Fj. kan/vil bli påverka av ei eventuell omfattande utbygging av vindkraft på kysten.	Sogn og Fjordane Turlag	I samband med oppstart vert det forsøkt innhenta opplysningar gjennom reisemållselskap og NHO reiseliv, men vi fekk lite tilbakemeldingar. Har no teke inn ei referanse til reiselivsplanen i delkap. 2.6.2. Sjå elles pkt. 143-1, med tilbakemelding.
166-16	Det er ikkje tvil om at (dei store) fjordane i Sogn og Fjordane oppfyller krava til svært stort konfliktpotensial. Det er heller ikkje tvil om at "Verda si vakreste sjøreise" er nasjonalt viktig. Difor er det heller ikkje tvil om at den mangelfulle vektlegginga av reiseliv i planen er i strid med MD/OED sine retningslinjer. Planen er ei grov nedvurdering av kor nasjonalt viktig fjordane og kysten i Sogn og Fjordane er for reiselivstilbodet i Noreg. Med enkelte heiderlege unntak er det Turlaget sitt inntrykk at reiselivsnæringsna langt på veg manglar både vilje og evne til å ivareta sine eigne interesser både i vindkraft-, vasskraft- og kraftlinesaker. Vidare er det Turlaget sitt inntrykk at fleirtalet av fylkespolitikarane og av politikarane i enkelte turistkommunar, (men ikkje alle!) heller ikkje tek nemneverdig omsyn til reiselivsinteressene i slike saker. Fleirtalet av fylkespolitikarane legg mykje større vekt på kraftutbygginginteressene enn på reiselivsinteressene i saker der det er interesse motsetnader. Truleg har reiselivsnæringsna i fylket sjølv, ved å vere så passive i slike saker, mykje av ansvaret for at det er slik. Det er grunn til å rekne med at Sogn og Fj. er eitt av fylka i landet der det er størst konfliktpotensiale mellom reiseliv og vindkraftutbygging.		Tatt til orientering
166-17	Dei offentlege tiltaks- og støygrenser er fastsette til eit nivå der 75% av alle personar ikkje vert sjenerte av støyen. Men dette betyr også av 25% av alle personar vert sjenerte av støyen. At støynivået er under dei offentleg fastsette grenseverdiene, er altså absolutt ikkje nokon garanti for at støyen vert opplevd som problemfri.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-18	Vurderingane av konfliktpotensial i Stad-Vågsøy er gode, bortsett frå når det gjeld friluftsliv. Når det står at kvart einaste eitt dei 11 delområda har liten konflikt med friluftsliv, då er det så gale at vi har vanskeleg for å ta det alvorleg. Framlegg til endringar for fleire analyseområde.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 166-13 og 130-8.
166-19	Framlegg til endring av konfliktnivået for landskap for fleire analyseområde i Bremangerlandet-Ålfoten. Har også Forslag til endring av konfliktnivået for friluftsliv for fleire analyseområde.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8, 126-8 og 166-13.
166-20	Har fleire framlegg til endring av konfliktnivået for landskap, for Flora-Bremanger. Har også fleire framlegg til endring av konfliktnivået for friluftsliv.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8.
166-21	Har fleire framlegg til endring av konfliktnivået for landskap, i Aksvoll. Har også framlegg til endring av konfliktnivået for friluftsliv.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8

166-22	Kommentar vedr. delområde Lutelandet: Dette området er sett opp som "Politisk avklara". Det stemmer for sjølve oya Lutelandet som er omlag 1/3 av delområdet, men det stemmer slett ikkje for dei resterande omlag 2/3 av delområdet. Der er nok konfliktnivået, i alle fall sett frå folk som bur i området sin synsstad, truleg betydeleg større enn ute på sjølve oya.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-23	For friluftsliv er verdsettinga av områda i Solund klart forelda. Mykje større deler av Solund har fått verdi som regionalt viktige friluftsliv-område. Kjem med framlegg til endringar i vurdering av konfliktpotensial.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8
166-24	Har mange merknader til faktagrunnlag og vurdering av konfliktpotensial for Gulen.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 130-8.
166-25	Støttar merknader frå Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fj. Planen legg opp til ei så omfattande og konfliktfylt utbygging at det er klart i strid med statlege retningslinjer. Planen er sterkt i strid med den nye Biomangfaldslova. Planen er sterkt i strid med planen sitt operative mål om å "medvirke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar". Planen legg heller opp til ei maksimering av konfliktnivået når det gjeld vindkraftutbygging.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-26	Reiselivsplan for Sogn og Fjordane fylke vart vedteken av Fylkestinget 08.06.2010. Sitat frå visjonen for utvikling av reiselivet fram mot 2025: "Berekraftige naturopplevingar i verdensklasse. Meiner at det bør vere samsvar mellom ulike fylkeskommunale planar, ikkje motstrid. I vindkraftplanen kan vi ikkje sjå ei einaste tilvising til den reiselivsplanen. Det er svært sterk motstrid mellom målsettingane i reiselivsplanen og vindkraftplanen. I den endelege planen som skal vedtakast av fylkestinget ber vi om at det vert teke inn eit avsnitt som viser i kva grad det er motstrid og i kva grad det er samsvar mellom reiselivsplanen og vindkraftplanen. Planarbeidet vert ikkje truverdig viss dette ikkje vert gjort.	Sogn og Fjordane Turlag	Sjå tilbakemelding under pkt. 146-12.
166-27	"I friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelege inngrep, bør ein unngå inngrep." Sitat frå punkt 2.6.2 om friluftsliv. Sitatet er henta frå Fylkesdelplan for arealbruk. Kan ikkje på nokon måte sjå at vindkraftplanen legg opp til dette, men konfliktnivået er sjølvsagt ulikt frå område til område	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering
166-28	Første og einaste gong den breitt samansette referansegruppa for Vindkraftplanen vart innkalla til møte, var i første halvdel av oktober 2009, omlag 1½ år etter at gruppa vart etablert. Vindkraftforum Sogn og Fjordane vart innkalla til det siste, avslutande møtet i prosjektgruppa, 07.01.2010. Sitat frå prosjektgruppa sin rapport som vart lagt fram for Fylkesutvalet i møtet 09.03.2010: "1.3 Positive verknader av vindkraftutbygging (NB! Avsnittet vil truleg verte omarbeidd; ventar innspel frå vindkraftforum)" Fylkesutvalet avviste i møtet 09.03.2010 Fylkesrådmannen sitt framlegg om å legge Vindkraftplanen ut på høyring. Saka vart i staden vedteken utsett. Fylkesutvalet fekk i møtet 22.03.2010 framlagt ein "nykonstruert skala" for konfliktvurderingar. Det går ikkje fram av møteprotokollen at ein slik "nykonstruert skala" har vorte framlagt/drofta. Sitat frå Vindkraftforum sitt brev av 25.04.2010 til Fylkesutvalet: "Vindkraftforum rår fylkesutvalet til å legge den "nykonstruerte skalaen" til grunn i planutkastet som skal ut på høyring." I perioden mellom Fylkesutvalsmøta 09.03.2010 og 28.04.2010 var vindkraftplanen på ei form for "uoffisiell høyring" hos Vindkraftforum Sogn og Fjordane, før den skulle sendast ut på den offisielle høyringa. Denne "uoffisielle høyringa" resulterte i eit brev av 25.04.2010 til Fylkesutvalet. Fylkesutvalet handsamar vindkraftplanen i møte 28.04.2010. Den "nykonstruerte skalaen" vert vedteken innarbeidd i planen. "Ny drofting av dei fylkeskommunale retningslinjene i pkt 4.1 i lys av ny skala og Vindkraftforum sine innspel." og "Nytt kap. 1.3. (lagt fram for FU 28. april 2010) vert innarbeidd i planen.", vert vedteke. Alt dette var i samsvar med Vindkraftforum Sogn og Fjordane sine ønskje, seinare vart det, i møtet 25.05.2010, gjort ytterlegare endringar som samsvarar med innspel frå vindkraftforum.	Sogn og Fjordane Turlag	Kommentar: Planen har ikkje vore på uoffisiell høyring, planframlegg, med vedlegg osv., var tilgjengelege som offentlege dokument i samband med Fylkesutvalet si handsaming. Orienteringssaker, der det ikkje vert gkort vedtak, vert ikkje protokollert, men den aktuelle presentasjonen vart gjort tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider, i form av ei nyheit på framsida.
166-29	Spør kva vi får igjen av inntekter for å ofre fjord- og kystnaturen vår skal, til fordel for vindkraftutbygging. For vasskraftutbygging har det mange gonger vorte påpeika at det vi i Sogn og Fjordane sit att med, er store naturinngrep, medan størstedelen av inntektene endar opp hos Statkraft, Norsk Hydro, E-Co Vannkraft og BKK. Viser til at eigarane som står bak vindkraftprosjekta i Sogn og Fjordane berre i liten grad høyrer heime i Sogn og Fjordane, truleg berre ca. 6,5%. Vil vi "ofre" kystnaturen vår også for litt meir enn "knappar og glansbilete", medan det er andre utbyggjarar frå inn- og utland som sit att med dei suverent største verdiane? Heilt til slutt: Forvaltninga av naturen i Sogn og Fjordane er ikkje berre ei lokal sak for oss i vårt fylke. Sogn og Fjordane har noko av det vakreste og mest verdifulle fjord- og kystlandskapet i heile verda. Dette vert stadfesta gjennom ulike kåringar, og det viser ikkje minst Verdsarvstatusen som delar av dette landskapet har fått. Vi har eit internasjonalt ansvar for å forvalte dette på ein god måte. Til glede både for noverande og komande generasjonar må vi kort og godt vise oss som gode og "verdige" forvaltarar av både Verdsarven og av naturverdiane i resten av fylket vårt. Skal vi bli det, treng vi mellom anna betre fylkeskommunale retningslinjer for vindkraftutbygging (og vasskraftutbygging) enn dei som no ligg føre.	Sogn og Fjordane Turlag	Tatt til orientering